



Årbok

F O R S Y K K Y L V E N 2 0 2 3



Sykkylven Sogenemnd



Innhald

Anne Merete Lade: Lade 1888: Tung lagnad, men rike liv	Side 4
Peter P. Fet: Då eg skaut hunden hass Hans-Fredrik	Side 10
Kjell Løseth: Verdskjende «sykkylvingar»	Side 11
Helen Seth: Biblioteket i tida	Side 14
Jostein Løseth og Anita Søvik: Samlingsstad i 100 år	Side 17
Kjetil Tandstad: Nære på! Eit 40-årsminne	Side 22
Ole Jostein Fet: Femti år med friluftsliv	Side 24
Kjetil Tandstad: Det store i ein drope	Side 27
Nyss: Biletkavalkaden 2023	Side 34
Eldar Høidal: Frå Oddebu til kongemøte	Side 36
Arien Ramnefjell: En sykkylving frosset fast i isødet	Side 43
Kai Løseth: Hest drepen av bjørn. Men kva for hest?	Side 48
Odd Fladmark: Byfolk på La-stølen	Side 50
Geir Tandstad: Tandstad Notlag – eit skitlag?	Side 58
Kjetil Tandstad: Oppfinnaren av ålesundsmuren	Side 61
Thor-Willy Strømme: Fotopar	Side 64
Bent Tandstad: Spor frå meieriet på Riksheim i gamalt tømmerhus i Norddal	Side 66
Song til Tusvikbygda	Side 70
Prøv deg som bilet-detektiv	Side 72

Sogenemnda 2023

Eldar Høidal (leiar), Edel Pernille Ystenes (nestleiar), Eldrid Suorza, Stein Arne Fauske, Thor Willy Strømme, Heidi Heggem og Hans Marius Strømmegjerde.

Årbokredaksjonen 2023

Kjetil Tandstad (redaktør), Eldar Høidal, Thor Willy Strømme, Eldrid Suorza, Kjell Ole Løseth, Helen Seth og Ole Jostein Fet.

Årbok for Sykkylven vil gjerne ha kontakt med fleire som kan skrive og tek imot bidrag gjennom heile året. Årboka vil ikkje berre ha historisk stoff, men også skjønnlitterære bidrag, aktuelle kommentarar, fotografi og biletkunst. Ta kontakt med redaktør Kjetil Tandstad, telefon 902 01 231 eller e-post: kjetil.tandstad@gmail.com eller andre i redaksjonen.

Utgjevar: Sykkylven sogenemnd

Utforming: Eldar Tandstad

Prent: Hatlehols AS

ISBN 978-82-92269-32-9

ISSN 0804-2225

Forside:

Foto: Ingrid van der Velde: Landskap i ein drope.

Forord

Det er ei glede å presentere Årbok for Sykkylven 2023. Også i år har spaltene fylt seg med stoff frå skriveglade folk med tilknytning til kommunen. Det skjer (nesten) utan mas og purring. Og endå ein gong er det stor variasjon i stil og tema og med god blanding mellom lokalhistorie og meir tidsaktuelle saker.

For Årbok for Sykkylven er ikkje, og har aldri vore, berre eit sokeskrift. Vi vil gjerne også spegle og dokumentere ting i samtida. Det som er notid i år, er historie om ei stund.

Vi lever i ei tid då vi fotograferer og dokumenterer alt, men lite blir teke vare på for ettertida. Vi knipsar og sender frå oss millionar av foto, men ikkje mange finn vegen til trygge arkiv og våre etterkomarar.

Det offentlege tek naturlegvis vare på noko på profesjonelt vis gjennom arkiv og museumssamlingar. Men kva med arkiva som gjeld private verksemder, frivillige organisasjonar, for ikkje å snakke om folk flest. Dei gammaldagse bedriftsarkiva og fotoalbuma er historie. Kor stor del av det store materialet kan overleve manns minne og den neste utskiftinga av datamaskin eller telefon?

Det som kjem i årboka, blir i alle fall teke vare på. På papir i bokhylla, på nettstaden sogenemnd.no og i offentlege arkiv. I årets årbok kan vi lese om Arien Ramnefjell og hennar opplevingar på Svalbard og på forskingstokt til Nordpolen. Vi kan late oss forundre av fotografen Ingrid van der Velde, som fangar fjell og fjord som speglar seg i ein doggdrope. Her er også spennande lagnader, som Sofie som rømde frå Sykkylven i 1880 og som etter mange år på Devold-fabrikken bygde hus og starta den tradisjonsrike butikken i Langevåg, som gjekk under namnet «Det glade hjørne». Og her er vår versjon av Hvem, hva, hvor: Biletkavalkaden med utvalde glimt frå det viktigaste som skjedde hos oss i året vi enno er inne i.

Og dette er berre litt av det vi har å by på. God lesnad!

Kjetil Tandstad
redaktør



(Foto: Hallvard Sandvik)



Anne Merete Lade, fødd 1970, som dotter av Jan Lade og Solveig Helsem. Ho voks opp på Lade og bur i dag på Ikornnes med familien. Ho arbeider til dagleg i produksjonen på Ekornes.

Lade 1888: Tung lagnad, men rike liv

Av Anne Merete Lade

Noreg 1888: Eit fattig land, det var tronge kår. Store barneflokkar og mange munnar å mette, gjorde livet vanskeleg for dei aller fleste. Slik var det også på Sunnmøre og i Sykkylven.

Det var ikkje lett å leve av dei små bruka og husmannsplassane. Å finne seg anna arbeid var ikkje enkelt. Utvandringa til Amerika starta i 1820, og i åra 1836 til 1915 utvandra over 75 0000 nordmenn til Amerika.

Industrialiseringa i Noreg var i startfasen og Ole Andreas Devold starta tekstilfabrikk i Ålesund i 1853. Fabrikken i Ålesund gjekk godt, men dampmaskina som dreiv spinneriet vart etter kvart for lita og han måtte sjå seg rundt etter vasskraft. I 1868 blei difor produksjon flytta til Langevåg. I tillegg til å bygge Devold-fabrikk, bygde han ein av landets fyrste kraftstasjonar.

Ole Andreas Devold var haugianar og opptatt av samfunnsansvar. I tillegg til å skape arbeidsplassar, fekk han sett opp arbeidarbustadar og fekk etablert sjukehus, kyrkje, landhandel, forsamlingshus og bedehus. Langevåg vart etter kvart ein liten industriby med rik kultur og eit levande musikkliv.



Jogarden på Lade i Velledalen. (Foto: Jarle Lade)



Devold-fabrikk var den som var først ute med elektrisk lys på Sunnmøre. Høve til arbeid og eit betre liv lokka mange frå bygdene på Sunnmøre til Langevåg. Slik var det nok også for Sivert Andreas Johan Madsen Lade (f.1853) og Marte Sofie Karoliusdatter Jarnes Lade (f. 1865) også. Ho brukte seinare namnet Sofie eller Sufia i dagleg tale.

Butikken med bakeri og post vart ein sentral plass i Langevåg og fekk namnet Det glade hjørne. (Foto: Johannes Sponland. Ålesunds Museum/ Fylkesfotoarkivet.)

Sofie si historie

Ein ny sommardag var på veg, bygda viste seg frå si beste side, denne julidagen i 1888. Ein kald vind gjorde det likevel kjølig for den vesle familien som kom med hesteskys frå Velledalen. Dei hadde med seg alt dei eigde, og venta no på båten som skulle ta dei med til Ålesund og vidare til Langevåg. Han ein mann i midten av 30-åra, frå Jogarden på Lade. Ho ei ung kvinne på 23 år. På fanget sat ein gut på snart fire år. Guten var Martinus Andreas, oldefar min. Både Sivert og Sofie hadde fått seg arbeid på Devoldfabrikken. Sofie kledde betre om guten, vinden var kald. Tankane gjekk frå sorg til håp. Hadde dei no gjort det rette? Reise for å få ei betre framtid? Var dette redninga, ein ny start? Berre dei kom seg vekk frå folkesnakket, skulle alt bli bra. Ho hadde håp om det.

Sivert var ein snill ektemann, han brydde seg lite om folkesnakket, men han hadde også sitt. Han hadde ikkje alltid vore guds beste barn, dei snakka om det også, bygdefolket, om det andre barnet han hadde. Dei hadde så visst ikkje hatt ein god start, dei hadde rota det til, ho måtte berre innrømme det. Ho var ikkje god nok for Sivert, ho som var ein lausunge frå Jarnes, utan ein skikkeleg far.

Ho rigla litt på ringen, dei hadde gifta seg no i juni og audmjukinga hadde vore like stor då, som den gongen guten skulle døypast og ho stod der på kyrkjegolvet åleine. Det hadde gått snart fire år no, sidan guten blei fødd. Dei hadde budd på Jarnes saman med mora, Inger, Martinus og ho. Sivert var dreng på Drotninghaug og hadde ikkje hatt nokon heim å tilby dei, ikkje ville han ta på seg farskapet heller. Uretten som var gjort mot Sivert, gjorde henne harm. Han var odelsgut i Jogarden, men garden hadde gått til den eldre søstera,



Devold-fabrikken i Langevåg er i dag kjøpesenter. I forkant Devold-båten Thorolf frå 1911, som skal vere den eldste attverande dampbåten av tre i Skandinavia. (Foto: Kjetil Tandstad)

Johanne Severine og ektemannen Hans Edvard. Dei meinte Sivert ikkje var skikka, og det at han ikkje tok meir til motmæle, undra henne. Sivert var konfliktsky, han skugga unna alt for husfreden si skuld, men snill var han.

Båten kasta loss og snart kunne ho berre skimte heimegrendene på Jarnes. Bygda ho hadde så kjær, var snart vekke frå augo, kor tid ho fekk kome hit igjen, visste ho ikkje. Om lag slik var det kanskje denne sommardagen i 1888, då dei tok farvel med heimbygda, men dette blir reint dikting frå forfattern sin rike fantasi.

Sivert og Sofie

Marte Sofie Karlsdotter Jarnes Lade og Sivert Andreas Madsen Lade gifte seg i 1888. Dei flytta til Langevåg saman med sonen, Martinus Andreas (f.1884) og fekk seg arbeid på Devold-fabrikken. I kyrkjebøkene er Martinus oppført som uekte barn, noko som var særst vanskeleg på den tida. Sivert tok heller ikkje på seg farskapet med det same. Kvifor er usikkert, men ein kan lese ut i frå kyrkjebøkene at det blei ei farskapsak og det heile blei avgjort i kjæremål.

Sivert står oppført som far til Martinus. Martinus budde dei første leveåra på Jarnes saman med mora, Sofie og bestemora Inger Elisabeth Øvrehaug Selboskar. Far til Sofie var Hans Carolus Erstad, seinare Riksheim.

Sivert og Sofie gifte seg juni 1888. Kvifor dei venta så lenge, veit vi ikkje. Ein konflikt i familien var mogleg årsaka. Mor til Sivert, Tyri Kristoffa Aurdal, meinte Sofie ikkje var god nok for sonen. Sofie var sjølv født utan om ekteskap og var eit resultat av noko som ikkje burde skje. Tyri Kristoffa likte difor dårleg dette forholdet. Sivert hadde også i yngre år fått ein son med ei anna kvinne, det gjorde sikkert ikkje saka noko betre.

Om det var ekte kjærleik mellom Sofie og Sivert veit vi ikkje, men han tok ansvar for Sofie

og Martinus. Fleire born blei det ikkje. Sivert var altså eldste sonen til Mads Andreas Lade (f.1819) og Tyri Kristoffa Aurdal Lade (f.1831) Han var odelsgut i Jøgarden, men blei nekta odelen fordi han hadde dårleg høyrslé, det var i alle fall den offisielle versjonen av historia. Mads Andreas døyddé då han var 55 år, då Sivert var 21 år. Når situasjonen var slik, var kanskje valet om å forlate bygda ikkje så vanskeleg å ta.

Dei budde dei første åra på Veddegjerde og tok namnet etter staden. Om dei leigde husrom eller ein husmannsplass desse første åra, veit vi ikkje. Om Sivert fekk noko kontantar som plaster på såret for den tapte garden er usikkert, men i gardssoga står det att han fekk kår. Når ein fekk kår, var det oftast rett til mat og husrom.

Det blei etter kvart kjøpt ein gard på Legene, garden var stor, så det var nok eit godt kjøp. Familien skifte etternamn til Legene. Husa på garden var svært dårlege, så første åra hadde dei det svært kummerleg. Bustaden hadde jordgolv og var i skrøpeleg forfatning. Dei første vintrane var kalde og vanskelege. Det var lite skog i Langevåg på den tida og dei spadde torv som blei brukt til brensel. Dei bygde nytt våningshus og løe og Martinus fekk slik ein betre oppvekst.

Både Sivert og Sofie fortsette sitt arbeid på Devold, ho ville tene sine egne pengar og var ei kvinne som ikkje var redd for å gå egne vegar. Ei kvinnesakskvinne eller raudstrømpe, som ein gjerne kallar det i dag. Ho var aktiv då den første fagforeininga på Devold-fabrikken blei stifta, og ho var ei dame med kontroversielle meiningar.

Sivert og Sofie tok også til seg ei jente. Sina Furnes Legene kom til dei som lita. Mora var tenestejente i heimen deira på Veddegjerde og ho var åleine om å ta vare på barnet, som var fødd utanfor ekteskap. Dei visste godt kor vanskeleg situasjonen var for denne mora, dei syntest synd på henne og ville gjerne hjelpe. Samstundes var det kanskje eit ynskje om fleire born. Martinus var no konfirmert og dei hadde krefter til å gi omsorg til fleire. Ei dotter var etterlengta. Sofie og Sivert tok over omsorga for det vesle barnet. Dette var ei ordning gjennom fattighuset, støtta av Ålesunds Kristne Misjonsforening. Det viste seg etter kvart at Sina trong mykje ekstra støtte. Ho hadde truleg fått ein skade under fødselen. Det var vel ikkje heilt slik Sofie hadde tenkt seg framtida, men Sina budde heile sitt liv saman med familien og fekk eit godt liv.

Martha og Martinus

Martinus gifte seg med Martha Oline Hauge (f. 1885) frå Hauge i Fjørå. Ho kom også dit for å arbeide på Devold-fabrikken og forelska seg i Martinus. Dei blei buande på Legene og delte hus med foreldra, Sivert, Sofie og fosterdotter Sina Furnes Legene (f. 1899). I tillegg til tenestefolk, leigde dei også ut delar av huset til fleire i periodar.

Det var ikkje noko gale med fertiliteten til desse to, dei fekk til saman ti born. Sverre Emil (f.1907), Klara Edvarda (1909), Marie (1911), Martin (1913), Solveig Tora (1915), Borghild Agate (1916), Magnar Astrup (1919), tvillingane Harald Parelius og Trygve Birger (1921), og Fryda (1923).

Martinus og Martha hadde sitt yrkesliv på Devold-fabrikken. Etter kvart som ungeflokkén voks, blei Martha sin kvardag i heimen meir krevjande. Med ti born og gard, var det nok å henge fingrane i. Familien skifte endå ein gong etternamn, no til Grøndal.



Sofie Legene var ei bestemor med planar. Etter mange år i arbeid på Devold-fabrikken, bygde ho hus og gav plass til store delar av familien i butikken Det glade hjørne i Langevåg. Bilete frå 1915. (Foto: Fylkesfotoarkivet.)

Martha var ei kjærleg mor og gav borna sine ein trygg og god oppvekst. Sjølv om det var enkle kår og mykje fattigdom, greidde familien seg betre en mange andre. Martha var svært husleg. Ho var nøye med reinhald. Ungane var reine og skikkeleg kledd. Lus kom visst aldri i hus, noko ein nesten ikkje kunne unngå i dei tider.

Martha kom frå ein svært musikalsk familie, noko ho tok med seg inn i heimen på Legene. Desse genane blei vidareført i ein eller anna form. Alle borna var glade i musikk, fleire spela ulike instrument, dirigerte, komponerte eller song i kor. Dei hadde også orgel i heimen som Martinus spela på.

Sufia – ei bestemor med planar

Då borneborna byrja å bli vaksne og var i etableringsfasen, ville Sofie eller Sufia, som dei kalla henne, byggje eit hus i sentrum av Langevåg. Ho hadde pengar på bok og hadde ein forretningsplan. Saman med eldste barnebarnet Sverre, fekk ho støtte til å gjennomføre planane sine.

Huset som blei bygd var stort og romma både bakeri, post og butikken “Det glade hjørne”.

Barnebarnet Sverre blei postmeister, barnebarnet Solveig dreiv butikken og Peder Raknes, som var gift med barnebarnet Fryda, dreiv bakeriet. Sofia hadde også med seg sonen Martinus og eldstesonen Sverre då ho starta butikk. Fryda var også tilsett i butikken. Huset, som var i tre etasjar, hadde også fleire leilegheiter. Sofie fekk ei av dei og flytta dit, medan Sivert blei buande på Legene. Sverre med familie budde også der. Det gjorde også Fryda og Peder ei tid før dei bygde seg eige hus.

Slik skapte Sofie ei familiebedrift og fekk sysselsett store deler av familien. Denne dama var kanskje ikkje heilt som andre kvinner på den tida, men ei kvinne som trass i sitt dårlege utgangspunkt, fekk eit godt liv. Kanskje var det nettopp det som gjorde henne så strid og sterk? Huset står der framleis i dag, men står no tomt.

Marie

Marie Grøndal (f.1911) var dotter av Martha Oline Hauge og Martinus Andreas Grøndal. Ho voks opp som barn nummer tre i søskenflokket på ti. Ho fekk ein god oppvekst i det vesle huset på Legene som familien delte med besteforeldra. Det var mange gjeremål og plikter, så fritid var det lite av, men i Langevåg var der songkor, og der var Marie med. Song og musikk var det elles mykje av i heimen. Seinare var ho tenestejente mellom anna i Norddal og på starten av tjuetåra gjekk Marie på husmorskule på Linge.

Banda til familien i Jogarden var framleis sterke, og då Julie Lade og Johan Sætre skulle gifte seg i 1934, var det storbryllup på Lade. Det varte i tre dagar. Slektningane frå Langevåg var også inviterte og Marie reiste saman med fleire i familien Grøndal til Velledalen for å delta i bryllupet.

Turen fram og tilbake var ikkje gjort på ein dag den gongen, så gjestene blei verande nokre dagar. Fasilitetane var nok litt annleis enn det ein kan vente seg i dag. Det å innlosjere gjestar for overnatting opp i løene, var vanleg og det gjorde dei også i dette bryllupet. Marie og søstrene blei betre kjende med den yngre garde av slekta si på Lade. Det viste seg at det var mykje kjekke karar framme i Velledalen. Nye vennskap blei oppretta og tremenningane frå Hauknut-garden blei invitert til Langevåg. Det var slik ho blei kjend med Arne Selmer Lade (f.1909), sonen til Johanne Petrine Severine Lade (f.1883) og Andreas Lade (f.1881). Det blei fleire møte mellom dei og etter kvart blei dei eit par. Marie og Arne gifta seg under krigen i 1941.

Dei første åra budde dei i Straumgjerde på loftet til Karen og Petter Strømmegjerde (Nymark-Petter). Arne hadde arbeid på Tynes-fabrikken og Marie var heime med sønene Jan Arne Lade (f. 1944) og Magne Lade (f.1948) Etter kvart starta Arne saman med sin yngre bror Hjalmar Lade (1917) møbelproduksjon i kjellaren til broren, Lars Lade (f. 1912) i Straumgjerde. Odelsguten i Hauknut-garden, Johan Lade (f.1906), hadde reist til Amerika og Hauknut-Andreas grunna lenge på korleis han skulle løyse dette med garden. Planen om å etablere seg og byggje fabrikk i Straumgjerde blei skrinlagt, då Andreas ville gi dei tomt til fabrikk på Lade.

Etter litt forhandling i familien, blei løysinga å dele Hauknut-garden i tre. Martin tok over hovudbruket medan Hjalmar og Arne bygde seg nye våningshus og driftsbygningar på dyrkamarka lenger framme. Arne og Marie flytta til Brøvoll og budde hos Arne Bolstad. I løpet av desse åra blei det fødd to born til, Åge Lade (f. 1950) og Jarle Helge Lade (1952).

Dei som kjente Marie hugsar henne som ei varm, snill og litt fåmælt dame som sjeldan heva røysta. Lett til sinns og med ein lun humor. Ho likte å ha det skikkeleg rundt seg, så heimen var velstelt på Lade. Eg kan ikkje hugse at Marie nokon gong snakka stygt om andre. Sjølvskryt var ho heller dårleg på og tok sjeldan igjen om nokon oppførte seg dårleg.

Marie og Arne budde heile sitt samliv på Lade. Eit travelt liv, med fire born, gardsdrift og husarbeid. Marie sin yngste bror budde hos dei i 20 år, i kjellaren budde Arne si moster, Karn Olivia Hole Lade (f.1879). Elles var husvære leigd ut til familiar som kom frå ulike delar av landet og hadde fått seg arbeid på Lade Møbelfabrikk. Marie kokte middag til mange av arbeidarane på fabrikk, så dagane vart lange. Banda til syskena og familien i Langevåg var sterke, livet på Lade var nok til tider einsamt og ho lengta sikkert til tider heim.

Eg voks opp på loftet til Marie og Arne, som var mine besteforeldre, ho var flink å fortelje frå gamle dagar, noko eg syntest var spennande. Arne døydde i desember 1991 og Marie døydde i januar 1993. Denne slektshistoria får meg til å reflektere litt over korleis tilfellet spelar inn i liva våre, slik var det før, og slik er livet framleis. Det er skjørt.

Kjelder: Digitalarkivet.
Ministerialbok, klokkarbok for Sykkylven.
kulturarv.no.
devoldfabrikken.no.
Folketeljinga for Sykkylven og Sula.
Gardssoga for Sykkylven.



Peter P. Fet, fødd 1900. Var gardbrukar i Nils-garden på Fet og dreiv i tillegg Peter P. Fet Trevarefabrikk, med produksjon av treverk til møbel-industrien. Han samla mange av minna sine i heftet Bestefarsoger, som denne artikkelen er henta frå.

Peter P. Fet fotografert på Trollkyrkja i 1959.



«Då eg skaut hunden hass Hans-Fredrik»

Av Peter P. Fet

Han Hans-Fredrik hadde ein hund som han var så svært glad i. Han heitte Viktor. Hunden var nokså gammal, og tok til og verte sjukeleg av seg. Han Fredrik tenkte at han snart måtte slaktast. Men å slakte hunden klarte ikkje Fredrik, for han hadde fått så kjær, denne hunden.

Så kom han Fredrik heim til meg ein dag og spurde om eg ville gjere så vel å få livet av han Viktor. - For eg greier ikkje gjere det. Du må prøve ein gong eg ikkje er heime, sa han. Ja, eg lova no han Fredrik dette, skjønt eg kvidde meg mot å gjere det sidan hunden var min næraste nabo i mange år, så eg også var glad i han Viktor. - Ja, du må prøve Peter, sa Fredrik, før han gjekk fram att i Hans-tunet.

Ja, dette var om hausten og det hadde teke til å snøve litt. So var det ei natt at det var ei kyr som vart kalvesjuk. Ho skulle få ein kalv. Me var i fjøset mest heile natta, men endeleg kom kalven, og det gjekk godt. Så tok me alt som kom frå kyra i lag med kalven og kasta det ut på sørphøla vår, og så gjekk me og la oss, for me var svært trøytte.

Om morgonen då vi vakna, hadde det snøva ein grand, og då me kom opp til sørphøla der alt ruskeriet låg, var der masse fet i snøva, og me trudde det var røvavegar. Då tenkte eg at neste natt skulle eg legge meg på lur og skyte røven. Ja, eg tok ut ei glasrute nede i gangen vår, og derifrå var det eit passeleg skøtmål opp på sørphøla. Han far ville snakke til meg når han såg noke ledde på seg der oppe, for mor og far låg att med eit glas i storstøva vår og såg godt om der kom noke.

Då det hadde myrkna ein grand, kom far og kviskra: - No trur eg at røven er komen der. Eg var ikkje sein, tok byrsa og burt til glaset. Ja, der gjekk det eit dyr. Det måtte vere røven. Eg sikta og skaut, og det vart ein folen smell midt på natt. Eg språng ut og skulle sjå, og då forsyne meg var det han Viktor som låg der stein daud. Han brukte aldri gå ute med natta, så dette vart hans siste tur.


Om morgonen gjekk me fram i Hans og fortalde Fredrik kor det hadde gått til. - Ja, du store tid kor bra dette var, sa han. - Tusen takk skal du ha, Peter!

Verdskjende «sykkylvingar»

Av Kjell Ole Løseth

For nokre tiår sidan sat nordmenn klistra til TV- apparata for å følge James Arness, alias Matt Dillon, marshall og lova sin handhevar i Dodge City. Saman med Ken Curtis, alias Festus og Miss Kitty underheldt dei oss i westernserien Krutrøyk.

I år etter år let vi oss imponerte av korleis dei revolvertunge lovbeskyttarane i westernserien ordna opp for å beskytte innbyggjarane i Dodge City mot kjeltringar. Knappt nokon tv-serie i NRK hadde fleire begeistra sjåarar i alle aldrar enn denne. Noko av denne populariteten kom truleg av at han som spela hovudrolla var «norsk» - James Arness. Det var ikkje berre i Norge at denne serien var populær. «Gunsmoke», som den heitte i USA, er den «lengstlevande» TV-serien der – meir enn 20 år.



James Arness – alias marshall Matt Dillon – samla familien rundt TV-apparatet. Ekstra populært var det at han hadde slekt i Sykkylven.




Kjell Ole Løseth, fødd 1941, er tidlegare lærar og skulesjef i Sykkylven. No er han travel pensjonist og aktiv med revy og lokalhistorie, blant anna gjennom Storfjordens venner. Medlem av redaksjonen i Årbok for Sykkylven.




James Arness (Matt Dillon)



Bror til James Arness var også skodespelar. Han kalla seg Peter Graves. Han spela inn ei rekkje filmar og var kanskje endå meir kjend enn broren.



Brev frå James Arness til Ole Aurnes frå 23. mai 1973. Han fortel at han er i ferd med å avslutte 19. året med Krutrøyk-innspelingar og at han vonar han kan kome tilbake til den vakre delen av Noreg på nytt.



Per Arne Aurnes heldt kontakten med James Arness og Peter Graves i Hollywood. (Foto: Oddvar Aurnes).

Den over to meter høge James Arness («den høgste skodespelar som nokonsinne har hatt ei hovudrolle») begeistra også millionar amerikanarar. James hadde delteke i den amerikanske hæren i 2. verdskrigen. Han blei skadd i Italia. Det var grunnen til at han hadde eit litt haltande ganglag.

«Sykkylvingar»

Aursnes er som vi veit eit velkjent namn i Sykkylven – ferjeplass- og mange personar med Aursnes-namn som har markert seg godt på ymse vis. På Aursnes ligg det også store industriverksemder i dag. James Arness har altså forfedrar frå denne plassen (Aursnes – Arness i USA.) James vitja for mange år sidan Sykkylven og aurnesslektningar.

James var ikkje den einaste kjendisen med anar frå Aursnes. Han var storebror til Peter som var skodespelar i Hollywood. Han kalla seg Peter Graves. (Det er opplyst at han tok Graves-namnet fordi han ikkje ville bli kopla til westernhelten James Arness). Peter medverka i ei mengd filmar, og var om mogleg enda meir berømt i USA enn James. Begge brørne er døde no – Peter i 2010 og James i 2011.

Slekta

Dei største bruka på Aursnes er Pettergarden og Olegarden. Bestefaren til James og Peter heitte Peter Aursnes. Han kom frå Olegarden og utvandra til USA i 1887. Han gifte seg med Ida Cirkler (tysk innvandrar) Peter var lege. Dei fekk sonen Rolf – som kalla seg Rolf Cirkler Aursnes gift med Ruth Duesler. Dette var altså foreldra til James Arnes og Peter. Dei var stolte av sitt norske opphav. Det kan nemnast at etterkomarane fostra ein verdsmeister, Peter Graves og Ruth Dueslar hadde ein son som blei oppattkalla etter far til Peter, han kalla seg Rolf Aurness og blei verdsmeister i surfing i 1970!

På Aursnes i Olegarden bur i dag Per Arne Aurnes (tidlegare elverk-sjef i Sykkylven). Søskena Borghild, Lars Karl (Lakken) og Leif Olav, som mange kjenner til, er såleis frå Olegarden. Det er sonen Oddvar som har teke over her.

James Arness (Matt Dillon) og broren Peter Graves har mange slektningar rundt omkring – i Sykkylven og andre stader. Det er naturleg å nemne andre som bur på Aursnes i dag: Magnar Aurnes (som mange meiner har ein viss likskap med James!) og systema Liv (gift med Ove Ramstad) Dei er frå Pettergarden. Karl Aurnes og familie kjem også inn i slektsrekka.

Slekta har hatt besøk i Sykkylven av desse berømte «sykkylvsamerikanare». Per Arne Aurnes som var hovudkontakten her, seier at det var eit svært hyggeleg besøk, og at dei var glade for å sjå «kvar dei kom ifrå».

Kjelder: Per Arne Aurnes, Oddvar Aurnes, Ove Ramstad. Gardssoga for Sykkylven

Biblioteket i tida

Av Helen Seth



Helen Seth, fødd 1991 frå Lepsøya. Studerte til bibliotekar i Tromsø og er biblioteksjef i Sykkylven. På fritida driv ho innebandy og syng i Velledalskoret. Ho er også medlem i redaksjonen i Årbok for Sykkylven.

I mai i år opna det nye biblioteket i Sykkylven dørene sine for fyrste gong, eit framtidsretta, topp moderne bibliotek ope for alle. Ved inngangen finn ein både innleveringshylle og utlånsautomat. Besøkteljar i taket og infoskjerm på veggen. PC-ar er tilgjengelege for publikum og kunnskapen er berre eit tastetrykk unna. Bøker i hyllene, klare til å opne permene for god lesing. Eit skanna lånekort og ei bok på ei leseplate er alt som skal til, før bokmerket er stempla og boka er di for ein måned.

Sidan 1892

På veggen bak skranken heng ei klokke der det står «Sykkylven bibliotek 100 år 1892-1992», eit minne frå då biblioteket opna nye lokale i Wellebygget. Den reflekterer ei anna tid, ei analog tid, fylte med kartotek kort og kortlommer lengst bak i boka. På PC-ane i bib



Biblioteksjef Helen Seth i dei nyopna lokala i nye Sykkylven bibliotek. (Foto: Kjetil Tandstad).



Manuel Navarro - det trygge faste punktet i eit bibliotek i endring. (Foto: Kjetil Tandstad)



Samlar støv. Den gamle og trege mikrofilmmaskina er stua vekk i magasinet. No har digitale tenester teke over, fortel biblioteksjef Helen Seth. (Foto: Kjetil Tandstad)

lioteket kan ein søke i kyrkjebøker. I kjellaren står to generasjonar av maskiner som utførte same jobb, mikrofilm og microfiche. Framleis brukande, men forsvunne i tida.

Bak skranken sit Manuel, som sjølv var med på å digitalisere katalogen. Han har sett teknologien ta over, og det som ikkje revolusjonerte alt. E-boka sin introduksjon spådde papirboka sin død. Men e-bokutlånet er marginalt, sjølv når alle no har ein telefon i lomma. Papirboka er framleis favoritten. Manuel har vore med på to store flyttelass, frå den mørke kjellaren på Samfunnshuset, til Welle-bygget i 1992.

31 år seinare flytta han igjen, denne gongen til det gamle bankbygget. Over 30.000 bøker, flytta 2 gonger. Han har sett den store utviklinga biblioteket har vore gjennom desse åre og vore med på å forme det nye biblioteket for framtida. Mange biblioteksjefar og kollegaer har kome og gått medan han blei verande. Han var ein gong eit framand ansikt, men i dag er det synonymt med biblioteket.

Det nye biblioteket er eit ope lokale, med mange små lesestolar for store og små. Her skal det lesast både bøker og aviser, men det er og ein stad å vere, å møte andre, ta ein prat, utan å tenkje på lommeboka. Her er alle velkomne. Det er ikkje lenger stille, vekke er strenge bibliotekarblikk og peikefingeren til munnen som seier «hysj». Ein kan høyre barnelatter frå det gamle bankkvelvet, sjå vaksne som slappar av, studentar på lesesalen og ungdom som sit langs vinduet og speidar etter bussen. Og lesinga er ikkje gløymd, det ligg bøker klare til kunnskapshausting i lesesalen, ei avis ligg klar på eit bord, med nyheiter frå heile verda. I kvelvet er ei bok plassert i små hender, medan lesarane brukar bamsen som lenestol.

30 000 bøker

Sykkylven bibliotek, grunnlagt i 1892 etter eit vedtak frå heradsstyret i kommunen, har hatt ei utruleg utvikling på 131 år, ein rein revolusjon, som ikkje blir reflektert over så ofte. Over 30.000 bøker frå katalogen lagt inn på ei datamaskin, 31 år seinare, over 30.000 bøker RFID-chippa og registrert på nytt. Ei brikke i kvar bok som sender ut små radiosignal for å seie «Her er eg» til maskinene som skal lese den av. Biblioteket er nytt, men likevel det same. Vår felles kunnskapskjelde, staden der ein alltid kan finne svar. Anten frå bøker, eller dei venlege menneska bak skranken. Det medmenneskelege er framleis viktig, og framleis til stades.

Tidene har endra seg mykje, teknologien har utvikla seg, og folk har kome og gått. Men boka, ho har bestått.



Jakt på den forsvunne diamanten. Frå venstre Martine, Elena og Mariell som kosar seg i biblioteket ein regntung onsdag. (Foto: Kjetil Tandstad)

Samlingsstad i hundre år

Av Jostein Løseth og Anita Søvik

I år var det 100 år sidan ungdomshuset Daltun vart teke i bruk. Grenda-huset i Søvikdal er framleis ein viktig samlingsstad i bygda og i aktivt bruk til basarar, jonsokfeiring og som møtestad for grendalaget og til utleige.

Huset og den opphavlege byggjestilen er godt teke vare på. Inngangspartiet med garderobe vart påbygd på 1960-talet. På 1980-talet vart det lagt inn vatn og i 2019 fekk huset nytt tak. Kjøkkenet har blitt oppgradert i fleire omgangar. 100-årsfeiringa skjedde midtsommars og alle søvikdalingar og andre med tilknytning til dalen var inviterte. Det var ein nydeleg sommardag og 100 personar møtte opp. Det var velkomsthelsing ved leiar i grendalaget, Anita Søvik. Musikk med Fauske-brørne på fele og gitar, tale ved ordførar Odd Jostein Drotninghaug, kåseri ved Kjell Løseth og opplesing ved Elisabeth Søvik.

Bildeminne

Eit populært innslag var framvising av 100 bilde, dei eldste frå om lag 1915. Dei viser søvikdalingar pynta til fest og fritid og personar i arbeid. Mange av bildene er frå setrane, som var samlingsstader både sommar og vinter. Det var bilde frå då Dalljos vart samla på Løsetstølen sommaren 1918. Truleg frå same helga som dei hadde fjellferd til Sandvikhornet. Det var elles fleire bilde av bygningar som no er borte. Landskapsbildene viser den store



Jostein Løseth, fødd 1955, har vore tilsett i trykdeetaten og NAV i Sykkylven. Bur på Løset i Søvikdal der han driv med skjøtsel av trua kulturlandskap/naturtyper og artsrik slåttemark. Han er ellers interessert i lokalhistorie, friluftsliv, gamle råser og arbeider med å få lokale stadnamn registrert på kart.



Anita Søvik, fødd 1965 og arbeider ved Ekornes AS. Leiar i Søvikdal grendalag. Historieinteressert.

Ungdomshuset Daltun i Søvikdal, pynta til jubileumsfest sommaren 2023. (Foto: UL Dalljos).



Gunnvor Søvik, Marie Søvik og ukjend på Søvikstølen. (Foto: UL Dalljos)



Ungdomshuset vart brukt til ulike formål i bygda. Her frå eit snikkarkurs på 1930-talet: (Foto: UL Dalljos)

attgroinga om har skjedd og det er bilete frå mjølkebåten, som var viktig før Søvikdal vart skilt frå Ørskog kommune i 1955. Det var også nokre bilde som søvkdalingar som utvandra til Amerika sende heim.

Utandørs var det rigga for leikar, bålrensing og grilling. Tørken gjorde at vi måtte greie oss med mindre bål. Styremedlemmene hadde pynta seg i klede frå 100 år sidan. Dette var populært og mange fekk seg ei god mimrestund. I kioskbygget til Sykkylven Idrettslag var det laga ei større utstilling med gamle ting, klede og bilde, også utdrag frå laget sine protokollar, avisutklipp og frå andre kjelder.

Vi er så heldige at vi har protokollane frå då ungdomslaget Dalljos vart stifta i 1918 som blant anna fortel om byggjeprosessen av huset. Her kan vi blant anna lese om at skrivar i Sunnmøre frilynde ungdomssamlag, Henrik Straumsheim, heldt foredrag på skulehuset i Søvikdalen. Etterpå vedtok møtelyden på 25 personar samrøystes å skipe eit ungdomslag i grenda. Laget fekk namnet Dalljos og same dagen vart lover for laget vedtekne og det første styret vart vald. På møtet 11. august vart det vedteke at laget skulle ha eit handskrive blad med namnet Søvikdølen. Det første arbeidsåret hadde laget 16 vanlege lagsmøte, ein fest, to basarar, julefest, marknad og ei utferd til Sandvikhornet. To foredragshaldarar var utanbygds, tre var lagsmedlemmer.

Ordskite

På lagsmøta var det ofte ordskite eller diskusjonar. Tema var blant anna:

- * Kven klarar seg lengst av karar og kvende ugifte?
- * Um kva som hev meste makta av pengarne eller kjærlegheita i giftarmål?
- * Kor lenge skal ein vere forlova før ein gifter seg?
- * Kva er best av få eller mange vener?
- * Er dansen til skade for ungdommen?
- * Kvindesaka.
- * Kva so er best å vere rik eller fattig?

Elles var det opplesing frå bladet Søvikdølen eller frå bøker, folkeviseleik, song, foredrag, opplesing av rundskriv frå Sunnmøre frilynde ungdomssamlag, val av bladstyrar og nemnder til å førebu julefest, 17. maifeiring, marknader, basar eller framføring av skodespel. Gardbrukarane vart kalla inn til møte for å høyre om interesse for å plante skog. Laget vedtok i 1919 å samle inn pengar til bøker i ei boksamling.

Kveldsskule

I 1920 vart det arrangert 17. maifest og om hausten vedtok laget at det skulle haldast kveldsskule. Lærar Ravnefjell vart vald til å halde skulen. Kring 10 elevar var med. Laget vart aktivt for å få norsk språk innført i Ørskog kyrkje. 2. januar heldt laget møte og drøfte husbygging. Ei nemnd vart sett ned for å finne tomt. I løpet av 1921-22 var det mange møte om bygging og kvar huset skulle ligge. 4. februar vart det vedteke å kjøpe ein del innbu til huset og ein drøfta om huset skulle heite Ljostun eller Daltun. Namnet vart bestemt til Daltun.

Kjelder: Møtebok aat Ungdomslaget Dalljos, bok 1 og 2 (30.06.1918 – 07.11. 1926). Søvikdølen, handskrive blad bok 1 og 2 (frå 08.09.1918 – 25. 03 1923).



Styret i ungdomslaget i tidsrette klede under feiringa av 100-årsjubileet for ungdomshuset Daltun. Frå venstre Grethe Melseth, Anita Søvik, Terje Melseth, Elisabeth S. Nedreberg, Jostein Løseth og Arnvid Bjørke. (Foto: UL Dalljos.)

Utskrift fraa «Møtebok aat ungdomslag «Dalljos»».

Sundag 4. aug hadde ungdomslaget «Dalljos» skipa til ein tur upp paa Sandvikhornet. Alt laurdagskvelden i 12-tidi tok ein til aa höyra glade rop og lystig hauking av folk som stemnde tilfjelds. Med kvar sin nistepøse paa rygg sa dei dalen og kvardagsstrævet farvæl. Dei vilde letta hugen og svala sinnet i den gode reine fjelllufti.

Ved framkoma paa Løsethstølen vart fjellfolket godt mottekne av sæter-gjæntorne og trakterte med varm rykande kaffi. Verre var det med logi. Hotellet vart snart overfylt so det var umogelig aa faa plass der. Den raude lykte, det vil segja flaken, vart upprøyst og døra stengd.

Det fyrste ein fekk auge paa um morgonen var festkledd folk som kom strævende upp over vegarne. Dei vilde upp fraa den beiske bygdelarmen og upp til oss som budde paa fjellet. Daa alle var komne, vart kaffi servert aat alle som vilde ha. Siden skulde heile stemnelyden upp paa fjellet.

Det tok snart til aa kvitna med folk burtover myrane og oppetter fjellsida. Alle var lette i hugen og rappe paa foten og længe stod det ikkje fyrr me var komne langt oppetter. Bere nokre faa sjuke og saara var att som nett daa skulde til doktoren og skreddaren som alt no hadde mött upp.

Eit hauk höyrdest ovanfraa fjellsida. Dei fyrste var oppkomne. Me andre skunda oss i veg og snart var me uppe. Aa for eit utsyn. Fjell og fjord, hav og strand, alt laag so smilande

framfor oss. «Paa fjellom er det leikande aa gange til og fraa og kring um toppen reikande, so vidt um land aa sjaa.» Den gode svaledrykken me hadde med fraa sætri smaka reint framifraa her uppe. Ein varde maatte sjølv sagt upp og 5 – 6 heilhuga karar med god hjelp av gjentorne bygde eit gjildt minnesmerke paa halvannor mannshøg. Inni varden vart en flasketel lagd som vitnar um at varden er bygd av UL «Dalljos» 4. aug 1918. Eit minne som lenge vil vare.

Daa varden var røyst, var tidi koma aa tenkja paa heimveg. I sprang og kaate hopp tok stemnelyden vegen ned mot sætri att. Etter den varme turen var det godt at bolaget var ope, og det maa segjast til vor kjære ven Krestian Funder* at han sparte ikkje paa det vaate. Hotellet er alltid godt aa gaa til og det var det og den dagen.

Ballsalen vart upplaten og dei som enno var nokorlunde i føtene fekk seg ein leik medan dei andre fekk gjeste bærtuvorne. Snart vart det kaffi. Lyden sessa seg ute paa marki i Guds frie natur for aa halda maaltid. Mykje fager ungdom fekk ein der sjaa i ein lopp, mange smilande andlet, livande sjæle, og bankende hjarto, mange vonfyllte, lengtande ungdomsbarmar.

Den som saag etter, saag noko meir. Han saag den store likskap mellom ungdom og fjellet. Det yrande sprettande liv, det kaate og ville, det drøymande og lengtande. Ungdomshugen liknar fjellvatnet. Det ligg der og kosar seg høgt over alt anna og hev det so fritt og so trivelig, men endaa lengtar det nedover mot elvi, dalen og havet.

(.....)

Lid ut paa kvelden tok folket til aa rusla heim. Takk for laget høyrde ein av alle som tok paa heimveg. Det same segjer eg. Takk for laget alle som var med paa fjellferd og vel møtt paa næste gjilde ungdomslaget «Dalljos» hev. Lat kvar hugnadsstund verta eit minneblad i vaar saga, lat minna hegta seg saman til ein krans um vaart liv og vaart yrke daa vil laget vera lukke og signing for os.

Peter J. Almeskar

Krestian Funder: Her blir det vist til brennevinsfirmaet Christian Funder frå København, som blant anna selde konjakk på eikefat merka med firmanamnet. Brennevinshandlaren i København er også opphav til namnet Fundergata i Tafjord. (Red.)



Kjetil Tandstad, fødd 1950. Pensjonist og tidlegare journalist i Dag og Tid og Sunnmørsposten, seinare dagleg leiar av Møbelmuseet til Viti i Sykkylven. Redaktør av Årbok for Sykkylven.

Nære på! Eit 40-årsminne

Av Kjetil Tandstad

Det var tett før påske i 1983. Brørne Odd Egil og Bastian Sætre hadde bestemt seg for å reise ein tur til Amerika. På flyreisa fekk dei seg ein kipp.

– Det var bror min Odd Egil og eg. Vi hadde snakka lenge om det og i jula bestemte vi oss. Vi skulle ein tur til Amerika og vi skulle gjere det i påska. 29. mars la vi i veg. Bror min arbeidde på kontoret til møbelfabrikken Emdal i Straumgjerde. Vi fekk skyss til Oslo med ein langtransport frå Emdal Transport. Det vart køyrt utan stopp og vi kom fram til Fornebu i halv fire-tida om natta. Då var det ikkje lenge å vente på flyet til København. Frå Kastrup-flyplassen skulle vi flyge til Chicago. Vi hadde sett av ein ekstra dag for vi ville gjerne oppleve Sears Tower, ei av dei høgste bygningane i verda.

Brann i motoren

Flyet tok av, men det gjekk gale. Like etter at vi hadde teke av, kom det fuglar inn i høgre motor. Motoren tok til å brenne. Vi måtte gå tilbake og naudlande på Kastrup igjen. Men først måtte vi sirkle eit kvarters tid for å bli kvitt brennstoff. Det var nervepirrande minutt, fortel Bastian Sætre.

-Til slutt vart flyet sett på bakken. Vi såg at brannmannskap stod parat. Flyet vart skumlagt. Så vart døra opna og vi skulle evakuerast på ei oppblåsbar sklie ned på bakken. Bror min og eg var dei første. Så vart vi ståande og ta imot dei andre som kom. Det gjekk raskt og det gjekk godt. Ei kvinne slo panna mot hjelmen til ein brannmann som tok mot henne. Elles var det ingen skader.



Brørne Odd Egil og Bastian Sætre med Vancouver i bakgrunnen. (Foto: Privat).

Bastian Sætre i godstolen med fotominne frå Amerika-turen. (Foto: Kjetil Tandstad.)



Frå Berlingske Tidende 31. mars 1983.

(Foto: Odd Egil Sætre)

Odd Egil Sætre studerer Berlingske Tidende om bord i flyet til USA. (Foto: Bastian Sætre).



DRAMATIK

Der var dramatik i luften, da en DC-10'er fra SAS på vej til USA måtte nødlande kort efter starten fra Kastrup, og passagererne blev lodset ned ad en nedslidske. Flyet ramte en mågeflok, der kom ind i motorene, og situationen så så faretruende ud fra lufthavnen, at maskinen blev dirigeret tilbage. Skaden er på 15 mill. kr., men ingen passagerer kom noget alvorligt til.

Bror min hadde kameraet med seg og tok bilde av redningsaksjonen. Han var den einaste som fotograferte. Det oppdaga journalisten frå Berlingske Tidende. Han kjøpte filmen. Og neste dag hadde Berlingske bilda våre i eit oppslag på førstesida.

Ein dag forseinka

Etter nokre timar sat vi igjen på flyet, no eit ekstrarfly til Amsterdam og derfrå på eit fly til Chicago. Vi fekk aviser med oss slik at vi kunne lese om nesten-ulukka. Til Amsterdam kom vi ein dag for seint, så vi fekk aldri sjå Sears Tower. Med god hjelp frå ein pilot vi trefte, rakk vi akkurat flyet vårt til Seattle. Slektningen vår Bernt Sætre stod på flyplassen og tok i mot oss. Vi var i Seattle i to veker.

Bror til Bastian, Odd Egil Sætre – døydde tre år seinare – i 1986 – i ei tragisk fallulykke under jakt. Mange vil ha sett minnesteinen over han i Riksheimdalen.



Ole Jostein Fet, fødd 1955. Pensjonist. Arbeidde tidlegare 20 år som journalist og om lag like lenge som lærar. I tillegg dreiv han sauebruk på Fet i 30 år.

Gleda over å vere i vakker natur har ikkje endra seg stort dei siste 50 åra, sjølv om ein har opplevd ein revolusjon når det gjeld utstyret ein nyttar. (Foto: Ole Jostein Fet)

Femti år med friluftsliv – gleda er den same

Av Ole Jostein Fet

Eg sit på hurtigruta med kurs for Bergen. Året er 1973. Ein fullpakka, grøn, Bergans ryggsekk er med på lasset. Det same er onkel Lars sine gamle turski.


Det endelege turmålet er skimetropolen Voss. I løpet av vinteren skal dei gamle turskiene frå slutten av 50-talet gjere nytte for seg i skiterrenget rundt Vossevangen. Den gamle telemarksvingen skulle lærast. Vinteren på Voss var med og danna grunnlaget for ei mangeårig interesse for friluftsliv, både sommar og vinter.

Trollkyrkja


Ei interesse som kanskje vart kveikt alt 11 år tidlegare, då eg slo lag med to nabogutar på 12 og 17 år til Trollkyrkja. Eg sleit knottane under splitter nye Viking Proff fotballske i løpet av dei godt og vel 1200 høgdemeterane turen tok. I dag hadde nok barnevernet vorte varsla om ein sjuåring hadde tatt turen til Trollkyrkja saman med eit par unge nabogutar.




Utviklinga av bindingar har endra seg radikalt siste 50 åra. (Foto: Ole Jostein Fet)



Brevandring på Regndalsbreen på 1970-talet. (Foto: Ole Jostein Fet)



For 50 år sidan var det treskiene som vart med til topps. I dag er det glasfiber og karbon som gjeld. (Foto: Ole Jostein Fet)



Tryggingstyrete ein brukte på 70-talet var nok ein god del tyngre enn det ein nyttar i dag. (Foto: Ole Jostein Fet)



(Foto: Ole Jostein Fet)

Vel, interessa for friluftsliv har meir eller mindre fylgt meg heile livet, sjølv om eg langt i frå har vore av dei mest ihuga friluftsentusiastane. Sykkylvsfjella har lege utanfor stovedøra, og slektskapen med fjella i Vest-Jotunheimen har vore stor – eit område som har vorte flittig vitja opp gjennom åra. Ein tur over Fanaråkbreen for fire-fem år sidan fekk eg stadfesta at tida kanskje hadde gått frå meg. Utviklinga på utstyrsfronten hadde endra seg mykje sidan 70-åra. Den unge breføraren, som leia turfølget trygt over breen, sperra opp augo då han såg den gamle isøksa mi med hickoryskaft, som eg hadde skaffa meg i 1970-åra. «Den skulle eg gitt mykje for, om den var til sals», sa han. Sjølv hadde han ei hyperlett isøks av eit langt meir moderne materiale.

Gleda og undringa

Om isøksa mi var gamal, vart ikkje naturopplevinga på veg over breen noko mindre. Naturopplevinga med dei gamle treskiene til onkel min, var heller ikkje noko ringare enn det ein opplever på dagens randonée-ski av glasfiber, karbon og sylkvasse stålkantar. Ultralette fjellsko har erstatta Viking Proff-skorne frå 1962. Gleda og den store undringa over den vakre og fascinerande naturen vi har rundt oss har likevel ikkje endra seg stort. I ei tid der ein har opplevd reine revolusjonen på utstyrs- og klesfronten.

I 1973 var det grå vadmål-nickers og raud bomullsanorakk som var «in». I tillegg undertøy av stikkande norsk saueull. Leggane var trekt med halvstrømper i ull og vindtette gamasjar opp under knea. Fjellskorne var kraftige beksaumsko. Vinterstida varma finlandshettene både øyre og hals. I dag er det ullplagg av behageleg og ultramjuk merinoull frå Australia og New Zealand, og hyperlett fjellkledning i Goretex frå Bergans, Norrøna eller Rab som gjeld.

Treski

Tilbake til onkel sine gamle treski, som overvintra på Voss tidleg på 70-talet. Dei var nok avleggs alt den gongen, men mest sannsynleg like gode som skiene dei tre morgedølane Sondre Nordheim og Hemmestveit-brørne, Torjus og Mikkjel, nytta då dei fremja den «moderne skisporten» på 1800-talet og tidleg på 1900-talet. Og skigleda var nok mykje godt den same på Voss som i Morgedal.

Eller som Stein P. Aasheim skreiv i DNT si årbok i 2021: «...det er ingen sammenheng mellom gleden over å ferdes i fjellet og det utstyret jeg til enhver tid har hatt til rådighet.» Skigleda han følte med «Årets testvinner» i 2010 var prikk lik den skigleda Sondre Nordheim følte i 1850, skreiv han.

Og slik var nok gleda eg følte då eg stod telemark på dei gamle treplankane på Voss også. Gleda var like brusande som dei følelsane moderne randonée-utstyr kallar fram på veg ned ei eller anna fjellside femti år seinare.

Det store i en drope

Av Kjetil Tandstad

-Typisk meg. Alltid skal eg begynne med det vanskelegaste!

Ingrid van der Velde smiler litt av seg sjølv når ho seier det. Ho fortel om den gongen ho fekk den sterke interessa si for fotografering. Ein av desse fine vårdagane for 11 år sidan gjekk ho og vassa i doggvått gras i Hundeidvik og venta på at sola skulle vise seg.

Dropar har fascinert henne sidan ho var jentunge og ho byrja å studere dei små doggdropane i graset. Då sola kom fram, såg ho at heile det massive fjellet over henne spegla seg i ein einaste drope. Ho vart bergteken. Dette måtte ho formidle.

Morgentur ute på marken.

Omringet av sauer og dugg.

Milliarder små dråper

skildrer landskapet.

Jeg blir bergtatt av bare en.

Speiler den lille dråpen

virkelig av Skopphornet?



Skopphornet
(Foto: Ingrid van der Velde)



Kjetil Tandstad, fødd 1950, er tidlegare journalist og museumsmann og no pensjonist med skriveløse. Han er redaktør av Årbok for Sykkylven.



Eg har alltid vore fascinert av dropar, seier bokaktuelle Ingrid van der Velde

*Straumshornet kosmos.
(Foto: Ingrid van der Velde)*



Fotografering vart ein utfordrande og kjær hobby. Men ho byrja ikkje med å fotografere fjell og fjord og kjende ansikt. Ho kasta seg direkte ut i det ein gjerne kallar ekstrem makrofoto. Ho ville fange dropane. Slik lærte ho det meste av det ho kan om fotografi i dag, fortel ho. Dropane ho fotografierer, er berre frå ein til tre millimeter store. Det gav utfordringar for utstyret. Ho brukte sitt vanlege spegelreflekskamera. Ingen ting av automatikken kunne brukast til drope-fotografering. Men dyrt utstyr var ikkje nødvendig.

På nettet bestilte ho mellomringar til objektivet. Med snudd linse som var forlenga med opptil seks ringar i gongen. Heftemasse vart brukt for å opne linsa. Men det var mange andre utfordringar. Det måtte vere sol og ikkje vere særleg vind, ein kombinasjon som ikkje er så vanleg på Sunnmøre. Beste tida var akkurat då sola kom opp over fjellet. Det kravde tolmod. Det var ein lærerik prosess. Medan eg streva med dette, lærte eg det meste av det eg kan av fototeknikk, farge, djupne og avstand, alt, seier Ingrid van der Velde.

Ho er fødd i Nederland, i den tradisjonsrike universitetsbyen Franeker og med frisisk som morsmål. Ho tok utdanning som sjukepleiar og vidareutdanna seg innan sosialt arbeid. Ho kom inn i eit hektisk arbeidsliv der ho blant anna arbeidde med psykisk sjuke og med å innføre Iso-sertifisering i helsesektoren. Ho kasta seg heilhjarta inn i karrierejaget. Men då ho vart gravid, fekk ho meir og meir avsmak for livet i hamsterhjulet.

Ho og mannen hadde feriert nokre gongar i Noreg. Siste gongen - på veg over Hardangervidda på veg heimover til Nederland - stod det klart for henne at det ikkje var slik ho ville bruke livet sitt lenger. For 18 år sidan kom dei til Noreg og dei slo seg ned i Hundeidvik.

Karrierelivet i Nederland hadde teke alle krefter. I Sykkylven var tempoet rolegare. Her kom ho nær på naturen og fekk betre kontakt med dei skapande kreftene i seg sjølv. No synest ho å merke at det same presset er i ferd med å få fotfeste også her i landet. Eg har eit inntrykk av at det pressa arbeidsmiljøet og det autoritære styringssystemet eg rømde frå i Nederland for 20 år sidan, er på veg inn også her, seier ho.

No er ho miljøterapeut og frilansar. Ho tek vakter og jobbar så mykje ho treng for å greie seg. I staden gjer ho ting ho har lyst til å gjere. I åtte år har ho også vore humanistisk seremonileiar med vigslereitt. Som nederendar er ho glad i skøyter og sykkel. Ho har naturlegvis vore ein del av Tuvatnet skøyteklubb. Det kuperteste vestnorske landskapet har nok hemma syklinga ein del, men no har ho fått el-sykkel som ho brukar flittig.


- Men så ivrig som den 76 år gamle mor mi heime i Nederland blir eg nok ikkje. Ho fekk ny sykkel i januar i år. I september fortalte ho at sykkelen hadde fått service etter 380 mil og at ho rekna med at ho ville sykle 450 mil i løpet av året.



*Straumshornet på kopartråd.
(Foto: Ingrid van der Velde)*



*Festøykollen
(Foto: Ingrid van der Velde)*



*Fetvatnet.
(Foto: Ingrid van der Velde)*



Frå Aursneset. (Foto: Ingrid van der Velde)



Sykkylven. (Foto: Ingrid van der Velde)

Ned på sanden, Hundeidvik.
(Foto: Ingrid van der Velde)



Det nyaste prosjektet hennar, som ho vonar ho kan setje ut i livet neste skuleår, er å kombinere miljøarbeid med foto i eit prosjekt mot mobbing. Vi skal blant anna utforske fotografering i mørke. Fotografering er populært og noko ein kan lære mykje av. Foto stimulerer kreativitet og innsats. Forholdet avstand og djupne – det er matematikk. Og gjennom gruppa skaper ein fellesskap og samarbeid, seier ho.

I dag er jentene store og ho har flytta til Sykkylven sentrum. I desse dagar er det først og fremst boka hennar som opptek henne. Boka «Å løfte blikket i en drøpe» kjem før jul, seier ho. Kreativt arbeid må få den tida det treng. Boka inneheld eit breitt utval fargerike og sylskarpe drøpe-foto med dei mangfaldige avspelingane av natur i dei ørsmå motiva. Nokre gongar er dropane kombinert med tynne fibrar av mohairgarn som gir ekstra form og farge.

Det er ikkje berre ei estetisk fotobok. Mellom permene finn vi ein heil livsfilosofi om å sjå det store i det små:

Jeg er ikke bare en drøpe i havet. Jeg er det store havet i en drøpe, siterer ho lyrikaren Jalál ad-Din Muhammed Rumi. Og mellom bileta følgjer ho opp med korte tekstar med observasjonar og klare synspunkt: Blant anna om fotografering og kunsten å sjå, om kunstig intelligens og å tenkje sjølv, om samleband-skulen, om rasering av naturen, om ultraproessert menneskeføde, som ho ikkje kallar mat, men tygge-sensasjonar.

Fritatt fra verdifullt ansvar.

*Hjemmets tidkrevende bestrebelsjer
ikke lenger på kvinnenes bord.*

*Snart er
selvtenking*

glemt.

*Kunstig intelligens
overtar*

vår viten og fornuft.

Biletkaalkaden 2023

ved Monica Aure Fallingen. Her er nokre glimt frå små og store hendingar i året som gjekk, henta ut frå Nyss sitt arkiv.



I starten av januar kom meldinga om at møbelgiganten Ekornes i Sykkylven måtte seie opp inntil 190 tilsette i Norge, i tillegg til 700 i Asia. Hovudtillitsvald Edvard Lie (t.v.), konsernsjef Fredrik Ødegård Nilsen og produksjonssjef Ola Arne Ramstad syntest at det var trist. (Foto: Even Ørjasæter)



Auka prisar på råvarer og nye krav til redusert energitap gjorde at det berre så vidt gjekk rundt for Møre Trafo i 2022. Så losna det igjen, og administrerende direktør Runar Tandstad har kunna fortelje om rekord på rekord. (Foto: Even Ørjasæter)



Nærbutikken i Velledalen feira 25 år i sommar, og ei av dei som møtte til festen der, var Oddveig Aanes. – Eg held butikken i live, og han held liv i meg, sa ho, og la til kor viktig det er for ho å få gåturen dit, å møte menneske langs vegen og å ha ei sosial stund i butikken. (Foto: Monica Aure Fallingen)



Det vart eit spanande val, og ikkje gitt kven som skulle hamne i posisjon. Etter lange forhandlingar vart (f.h.) Jarle Strømmejerde (H) varaordførar og Olav Harald Ulstein (Frp) ordførar i Sykkylven. Her saman med ny ordførar i Stranda Einar Arve Nordang (H) og varaordførar Steinar Aanning (Frp). (Foto: Rita Løseth)



Ein fredag kveld i februar var det mange som samla seg i kyrkjekjellaren i Sykkylven kyrkje for solidaritetsmarkering for Ukraina. Det heile vart ei emosjonell reise, både for dei framførte, men også for ukrainarane. Song, talar og diktlesing sette livet i perspektiv. (Foto: Amanda Røed Stave)



I mai var det klart for årets fotballfestival i Hundeidvik. Oline Støylen Hole og Karoline Løkken Vangen var to av dei som kosa seg denne dagen. Dei spelte for J09. Trass i nokre regndropar her og der, var det elles mange som tok turen til det populære arrangementet. (Foto: Amanda Røed Stave)



Spelarane på Sykkylven j 15/16 hadde all grunn til å feire finale-sigeren i kampen mot Molde under Norway Cup. Aldri før har det skjedd at eit sykkyvslag har gått til topps i turneringa. Det vart altså ein dag for historiebøkene i lokal samanheng. (Foto: Monica Aure Fallingen)



Det vart arrangert Oktoberløp i Sykkylven, til inntekt for Kreftforeningens arbeid mot brystkreft. Over 200 stilte opp for å springe for ei god sak, og karakterane Erna og Olga Palma var med og skapte liv og røre. (Foto: Amanda Røed Stave)



I mange år har det vore uro rundt legetenesta i Sykkylven, med stadig nye fastlegar som kjem og går. I mars skreiv Nyss at av 7.630 innbyggjarar var det reelt sett berre 1.200 som hadde tilgang til fast fastlege i kommunen no. Per Ringdal (her saman med kona Brit) var mellom dei råka. (Foto: Monica Aure Fallingen)



I vår var det arrangert barneturnkretsstevne for Møre og Romsdal krets i Sykkylven. Det blei ei innhaldsrik helg med mykje akrobatiske sprell og moro for over 400 gymnastar frå heile fylket. (Foto: Even Ørjasæter)



Joakim Slyngstad har i fleire vende forsøkt å gjere politikarane merksame på dårleg framkomst i sentrum for rullestolbrukarar. I haust utfordra han dei til å forsøke å kome seg rundt i sentrum i rullestol sjølve, og fleire gjorde eit forsøk. (Foto: Amanda Røed Stave)



Det har blitt jobba politisk med å endre fleire fartssoner i Sykkylven sentrum i 2023. Ruun Amin (med sonen Sahil i armene) og fleire andre kravde å få behalde 30-sona i nabolaget, dei ønskte den ikkje auka til 40. (Foto: Amanda Røed Stave)



Eldar Høidal, fødd 1956, er tilsett ved Møbelmuseet i Sykkylven og ivrig syklist. Han er historikar og har skriva ei rekkje møbel- og lokalhistoriske bøker. Blant dei siste er historia til Ålesund-Sunnmøre Turistforening og bygdebøker om Skodje og Haram. Han er og leiar i Sykkylven sogenemnd og medlem av årbokredaksjonen.

Odd Jostein Drotninghaug, ordførar h.v.

Frå Oddebu til kongemøte

Av Eldar Høidal

Odd Jostein Drotninghaug likte seg i rolla som ordførar, og det verka som om bygdefolket fann seg godt til rette med han også. På ei undersøking som vart publisert ei tid før valet i haust var den avgåtte sykkylvsordføraren blant dei tretti mest populære ordførarane i landet.

Sjølv om han gjorde eit godt personval, og fekk flest såkalla slengjarar av samtlege lokalpolitikarar, heldt det ikkje heilt i mål. Høgrevinden sveipa over Sykkylven også, og det vart ordførarskifte.

- Eg såg det allereie tidleg valkvelden. Partiet mitt, Senterpartiet, gjekk tilbake frå 28,8 til 19,4 prosent, medan FrP gjekk tilsvarande fram og også Høgre hadde framgang. Det same resultatet såg ein i mange andre sunnmørskommunar, og det er heilt vanleg at regionale og nasjonale tendensar slår ut også i dei enkelte kommunane.



Odd Jostein saman med tidlegare kommunalminister frå Senterpartiet, Sigbjørn Gjelsvik, i Straumgjerde. Vitjinga frå ministeren skjedde i samband med markeringa av veteran-dagen 8. mai 2022.

Odd Jostein ser også andre forklaringar på valresultatet.

– Eg hadde fått vere ordførar i åtte år, og vi gjorde eit svært godt val for fire år sidan. Det er vanskeleg å få til same gode resultat to val på rad. Det er naturleg at «glansen» bleiknar litt og at mange ønskjer forandring og nye krefter i posisjon.

Fotball-leiar

Odd Jostein Drotninghaug lever godt med at ordførarperioden er over. Heime på Bendikplassen er det to som synest det er heilt i orden at han får betre tid.

– Ja, det er greitt at han ikkje treng å vere påkopla 24/7, seier kona Grete. Mange kveldar har gått med til møte, og vi har vore vane med å få telefonar til nesten alle døgnets tider om saker som folk vil ha svar på, eller ventar at ordføraren tek tak i. Helst med det same.

Grete og dotter Solveig kan nok vente seg ein meir heimeverande ektemann og pappa no, men det er liten grunn til å tru at han vil slite ut sofaen med det første. Frå nyttår tek han opp att arbeidet i Arbeidslivssenteret i Nav si avdeling i Ålesund, og då vert det pendling og åtte til fire-jobb. Elles er engasjementet for lokalsamfunnet framleis sterkt. Slik har det visst alltid vore.

Det var Straumgjerde, Velledalen og Ladalen (Fjellseter-området) som var nedslagsfeltet for engasjementet hans dei første åra. I yngre år var han ein habil langrennsløpar, med plass på krinslaget til Sunnmøre skikrins. Han og jamaldringen Svein Arne Nakken var gode treningskameratar, begge med interesserte fedrar som var med på renn og sørga for at skiene var preparerte etter snø- og temperaturtilhøve.



Frå arbeidet med å bygge garderobebygget på Slettegjerde, kring 2000. Bygget fekk namnet Oddebu. (Foto: Odd Jostein Drotninghaug.)



Grete og Odd Jostein vart gift i 2010. Grete har vore ein god støttespelar for Odd Jostein i ordførar-åra, og ho ser fram til at familien framover får meir tid saman. Her er dei på haustferietur til Eidsvoll for å besøke svogeren Kjell Iver Aure og sambuaren hans. (Foto: Kjell Iver Aure.)



Far Leiv og VRF-legende, Johan Svindseth i ferd med å leggje bordkledning på den nye kiosken på Slettegjerde i juni 1996. (Foto: Odd Jostein Drotninghaug.)



Dotter Solveig og pappa Odd Jostein liker godt å ta sykkelturnar i Fjellseterområdet. Her er Solveig inst i Nysætervatnet. (Foto: Odd Jostein Drotninghaug.)



Far og son på skitur i Ladalen. Leiv Drotninghaug var glad i ski og friluftsliv slik sonen også vart. Begge har også lagt ned ein stor innsats i forvaltninga av fiskeressursane i Fetvassdraget.

Etter at han hadde lagt konkurranseskiene på hylla kom han meir inn i fotballsporten, først og fremst på det administrative planet. Han var med i styret i Velledalen og Ringen Fotballklubb i 13 år, og leiar i 11 av dei.

Kulturpris

I denne perioden arbeidde han mykje med å heve standarden i det gamle fotballanlegget på Slettegjerde i Straumgjerde. Han minnest starten: -Det byrja med at tippelaget vi hadde i VRF vann 127.000 kroner ein gong. Halvparten av denne summen vart lagt inn i anleggsarbeid på Slettegjerde. Bana vart grøfta, vi fekk opp elektrisk straum og i 2000 la vi ny veg opp til bana. Brua over Straumsheimselva var ferdig om lag på

same tida som Sykkylvsbrua stod ferdig, i 2000. I 1996 kom det ny kiosk og i 2005 vart nytt garderobebygg innvigd. Til ære for han som hadde vore den største pådrivaren, vart bygget kalla Oddebu.

Odd Jostein var ikkje meir Straumgjerde- og Velledalen-patriot enn at han var blant dei som ivra sterkast for at fotballklubbane i kommunen skulle komme saman og etablere eit felles fotballag som kunne heve den lokale fotballsporten opp mot gamle høgder. I 1960- og 70-åra hadde både Sykkylven IL og VRF fotballag som hevda seg mellom dei fremste på Sunnmøre. Odd Jostein vart første leiaren i nyskapinga FK Sykkylven frå 2002. Året etter vart han heidra med kommunen sin kulturpris.

Ordførar i 2015

På vegen mellom barndomsheimen i Straumgjerde sentrum og fotballbana på Slettegjerde låg ungdomshuset Vårvon, ein stad der han i ungdomen hadde vore med på aktivitetar, men som frå 1980-åra og framover stod til forfalls. Odd Jostein var blant dei første som tok til orde for at huset burde takast vare på. Grenda kunne ha nytte av eit samlingshus i tillegg til skulen og bedehuset. Han var leiar i Straumgjerde Vel frå 1995, og same året kom



Odd Jostein har alltid vore ein ivrig hobbyfotograf. Her har han teke med kameraet på motivjakt på Drotninghaug øvst i Velledalen. (Foto: Odd Jostein Drotninghaug.)



Familien har ansvar for mange bygningar. Her er det bygninga på småbruket på Drotninghaug som har fått eit løft. (Foto: Odd Jostein Drotninghaug.)

oppussingsarbeidet på Vårvon i gang. I åra framover var han med i styret i det reetablerte ungdomslaget Samhald som stod bak Straumgjerdedagane med Ta-sjansen-konkurransar i laguna ved Straumen og arrangement i ungdomshuset etter kvart som dei igjen kunne ta det i bruk.

Underteikna skribent hadde ein del kontakt med Odd Jostein i desse åra og lærde han å kjenne som ein påliteleg dugnadsarbeidar som heldt avtalar og gjorde ein solid innsats i alle oppgåver han tok på seg. Han var ikkje blant dei mest høgrøysta, og såg ikkje for seg noka rolle på scena då ungdomslaget byrja med revyar i 2003 for å skaffe inntekter til det omfattande restaureringsarbeidet. Odd Jostein og eg fann i revyhelgane høvelege oppgåver som stolsjauarar og dørvakter, medan andre fekk bruke mikrofonane.

Etter kvart tok politikken meir tid for han. Han vart vald inn i kommunestyret i 1999. Dette året vart det ein del merksemd rundt ein valaksjon i Straumgjerde-krinsen. Det vart sendt



Namneskilt i inngangspartiet på Bendikplassen. (Foto: Eldar Høidal.)



Odd Jostein har samla nokre lokalaviser for å ta vare på minna frå opp- og nedturar gjennom ordførar-åra. Her står det mellom anna om ny brannstasjon, gratis brupassering, lågare arbeidsgjevaravgift og økonomisk overskot. Her har han funne fram avisa som omtalar kongebesøket i fjor. (Foto: Eldar Høidal.)

rundt skriv med oppmoding om å gje stemmetillegg til straumgjerdingar på vallistene. Odd Jostein, og fleire andre politikarar frå krinsen, gjekk ut i lokala-visa og sa at dei ikkje sette pris på denne «hjelpa». Dei oppfatta seg ikkje som grendetalsmenn, men hadde heile kommunen for auge i det politiske arbeidet.

Etter at sentrale politikarar i Senterpartiet som Petter Velle og Kristin Grebstad trappa ned det politiske arbeidet, fekk Odd Jostein tillit som partiets fremste representant. Etter å ha vore i kommunestyret i to periodar, og fått rutine på talarstolen, vart han i 2007 vald til varaordførar, medan Jan Kåre Aurdal (KrF) gjekk på sin tredje og siste periode som ordførar. Ved det neste valet vart

Petter Lyshol Høgre-ordførar med dagens ordførar Olav Harald Ulstein i varaordførarposisjonen. Odd Jostein vart då leiar i kontrollutvalet. I 2015 tok den tidlegare fotball-leiaren steget heilt til topps.

Må ha vekst i folketalet

No når han kan gjere opp status etter åtte år som kommunens fremste tillitsvalde, er vi nysgjerrige på kva han er mest nøgd med å ha vore med på å realisere. -Eg er godt nøgd med mykje av det vi har fått til på Fjellsetra. Vi har fått fast dekke på vegen heilt fram til Stranda-grensa, og som den første kommunen på Sunnmøre fekk vi til kjeldesortering og avfallsmottak i eit hytteområde. Det er bygd fleire nye parkeringsplassar i området. Elles har vi fått ein løypeplan for skitraséen rundt Nysetervatnet, slik at han ikkje skal bli nedbygd. Eg meiner at turløypene på fjellet er det beste folkehelseiltaket ein kan tenke seg, og gjennom pengane som Stranda Energi betaler for å hente vatn frå Sykkylven (konsesjonsavgift), har vi fått ei medfinansiering av løypelegginga som sikrar gode skiløyper gjennom heile vinteren.

Det har også vore fokus på betring av vegane nede i bygda. Sørestrandvegen, vegen til øvre Tynes, til sørestrandskulen og Storgata er eksempel på dette. Diverre kom vi ikkje i mål med Grebstadvegen, då det måtte lagast ny reguleringsplan som no er under arbeid. Elles har vi dei siste åra fått kommunen ut av den økonomiske hengemyra vi var i ei stund. Det gav oss større handlefridom slik at vi til dømes kunne realisere ny sentrumsskule og nytt bibliotek. Verdfullt er det også at vi har fått ein ny reguleringsplan for sentrum, ein plan som legg til rette for meir bustadbygging. Sentrumsnære tomter ser ut til å vere avgjerande for at vi skal kunne lokke til oss nye innbyggjarar. Og det er viktig å leggje til rette for ulike typar bustader. Nokre vil ha sitt eige hus, medan andre vil ha rimelege leigebustader. Kampen om nye innbyggjarar er kanskje den viktigaste kampen kommunane står i for tida. Kommunen må gjere alt han kan for å halde oppe folketalet, og helst auke det, seier Odd Jostein Drotninghaug.

Krevjande legesak

Det var litt av skrytelista, men kva med den andre sida. Det som ikkje gjekk heilt slik han håpa på?

-For meg som Senterparti-politikar var det trist å oppleve at skulen i Straumgjerde vart lagt ned, og seinare også barnehagen. Men kommunepolitikarar avgjer ikkje kvar folk vil bygge og bu. Når ein opplever at barnetalet i ein krins kjem ned på eit kritisk nivå, og som for barnehagen i Straumgjerde, at foreldra ikkje søkte borna sine dit fordi barnehagen var liten og framtida utrygg, då er det ikkje mogleg å drive vidare.

Men ein må ikkje gje opp krinsane sjølv om skulen og barnehagen vert vekk. Saman med kommunen må krinsane dyrke kvalitetane sine og bli flinke til å vise fram alle dei sterke sidene sine. I krinsane står dugnadsånda framleis sterkt. Det skjer like mykje der som i sentrum. Krinsane har vekstpotensiale, seier Odd Jostein Drotninghaug.

-Saka som gjeld legesenteret og legedekninga i kommunen har også vore krevjande. Men vi måtte ta tak i dette etter at vi fekk rapporten om korleis legetenesta i kommunen måtte vere for å følgje lovkrava. Det vart fatta samrøystes vedtak i kommunestyret om denne saka, og alle var samde om at noko måtte gjerast. Men eg opplevde at det var vanskeleg å kommunisere ut alt som låg i denne saka, då ein del handla om personalforhold som ein ikkje kan ta ut i den offentlege diskusjonen. Det er i alle fall gledeleg at det den siste tida har blitt tilsett fleire nye fastlegar, og at det ser ut til å vere ei lysning når det gjeld denne viktige delen av det kommunale helsetilbodet.

Nedstenging og sjukdom

Det har vore rikeleg med andre utfordringar også: Den siste perioden starta med den tunge koronaepidemien då det vart nedstenging og Sykkylven kom i riksnyheitene med rekordhøg arbeidsløyse. Odd Jostein stod fram i fjernsynsruta og måtte takle vanskelege spørsmål på direkten. I denne perioden kom det vel med at han har eit nokså roleg gemytt, og ikkje er blant dei som let seg rive med av brå stemningskifte. Kona Grete, opplevde at mannen var meir heime under korona-nedstenginga, men han var ikkje meir mentalt til stades. Utfordringane i skulen, helse- og omsorgsapparatet og næringslivet måtte løysast, og dagane gjekk med til teamsmøte og telefonsamtalar.

I den første perioden som ordførar fekk dottera, Solveig, ein alvorleg kreftdiagnose. Det vart mange turar til Trondheim for behandling. Det var ikkje alltid like lett å finne balansen mellom fars- og familierolla og ordførarstillinga då. Men Odd Jostein hadde gode støttespelarar i den politiske leiinga og administrasjonen. Eit tillitsfullt samarbeid mellom politikk og administrasjon er elles noko han har lagt vekt på i alle åra som ordførar. Dei kommunalt tilsette, er Sykkylven kommunes største ressurs, opplever han.

Kongeleg opptur

Trass i mange krevjande dagar som ordførar, er det dei positive minna som kjem sterkast fram ved det nære attersynet. Den klart største dagen var 30. august 2022 då kong Harald og dronning Sonja kom til kommunen.

-Alt klaffa frå dei steig i land frå den kongelege sjaluppen i småbåthamna til dei forlèt festen på Auremarka nokre timar seinare. Vel var journalistane frå den tilreisande rikspressa mest opptekne av kva kongen meinte om prinsesse Märtha Louise sin sjamankjærast då



Ordfører og konge i hyggeleg samtale. Besøket av kongen og dronninga 30. august 2022 står som det store høgdepunktet under ordfører-åra for Odd Jostein Drotninghaug. (Foto: Thor Erik Overå.)

kongeparet stod klar til å reise vidare. Men då hadde dei kongelege snakka varmt til ordføreren om den mottakinga dei hadde fått, og det dei hadde fått oppleve av lokal kultur og historie.

Godt vær og yrande folkeliv var det også då NRK kom til bygda gjennom den store sykkelturneen dei hadde i sommar. – Vi er ikkje berre møbelbygda, men også den store kakebygda, seier han som dei siste åtte år har smakt på alle slags kaker i stover og samlingsalar. No er det kvardagsbrødet som ventar. Odd Jostein Drotninghaug, som no må tole å bli kalla ein av gamleordførarane, trivst like godt med det!

En sykkylving frosset fast i isødet

Av Arien Ramnefjell

Da jeg som 21-åring gikk ut av flydøren på Svalbard Lufthavn 13. februar 2012 fikk jeg umiddelbart sommerfugler i magen. Sommerfugler som følte som iskrystaller. De flate sedimentære fjellene rundt meg var snøkledd, og pastellfarger badet fjellsidene i rosa og blått. Den kalde luften slo i ansiktet, og trengte seg gjennom lungene som tusen nåler. Jeg visste jeg var kommet hjem.

Sykkylven vil jo være stedet jeg vokste opp i, men Svalbard er noe helt spesielt. Noe udefinerbart. «Polarbasillen»; som den kalles, ligger dypt i ryggmargen min. Det er noe med dette stedet som holder fast i meg. Kanskje er det de sterkt varierende sesongene? Det faktum at jeg har isbjørner som naboer? At naturen stimulerer og utfordrer meg daglig - og repetitivt setter meg på plass - for jeg vil aldri kunne erobre den? 11 år senere er jeg mer trollbundet av Svalbard enn noen gang.

Om vinteren jobber jeg som snøscooter- og skiekspedisjons-guide. Dette er kanskje den hardeste tiden på året. Kulden biter og stormer har en tendens til å komme og gå. Jeg krysser Spitsbergen på snøscooter-ryggen nesten daglig, der vi er ute i felt mellom 10 til 12 timer hver dag. På disse turene tilbakelegger vi opp mot 190 km. Kledd i store isolerte dresser krysser vi daler og breer. Noen ganger ser vi isbjørn, blå himmel og solskinn – på andre turer ser vi ikke lenger enn 10 meter, om været skulle være dårlig.



Arien Ramnefjell, fødd og oppvaksen i Sykkylven, men flytta til Svalbard som 21-åring i 2012. Arbeider som ekspedisjonsleder og med isbjørnsikring og ferdsel på sjø-is. Ho er lisensert bre-guide, kajakk-guide, har utdanning som arktisk naturguide og vart nyleg som 30-åring autorisert som "Senior Polar Guide" av Polar Tourism Guide Association. Nyleg var hun med en isbrytar til Nordpolen der ho samarbeida med Disney og National Geographic. Det skal bli ein dokumentar med Will Smith som skal handle om global oppvarming og kva følgjer den får i polområda.

Fra Nordpolen.





Her fra Canada.
Foto: Eli Gunnemark

På noen turer er vi ute flere dager der vi sover enten i hytter eller telt. Som leder i gruppen har jeg en stålslede koblet til snøscooteren min. På denne har jeg pakket alt som er nødvendig for å klare seg i felt på ubestemt tid. Ekstra bensin, breutstyr for trygg ferdsel på ukjente breer, telt, soveposer, mat, drikke (som må tåle å fryses), verktøy for å kunne fikse scootere og slede, samt en hel "nødboks" med førstehjelpsutstyr for større skader m.m.

Man ferdes på tunge maskiner, tidvis i høy fart, i et islanskap langt fra hjelp og uten deknning. Risikofritt vil det aldri kunne bli. Min største oppgave i felt er ikke å vise Svalbard og den magiske naturen, det er sikkerhet. At alle gjester som går ut over dørstokken med meg om morgenen, kommer tilbake til den samme dørstokken i like fin form, om ikke bedre. Ansvaret er stort. Om riktige sikkerhets-evalueringer blir tatt underveis, er risikoen for ulykker liten. Men om ulykken først er ute, kan konsekvensen i et slikt værhardt miljø bli stor.

På kroppen har alle Svalbard-guider alltid nødpeilsender, GPS, inReach, satellitt-telefon, rifle med ammunisjon, signalpistol med ulike farger bluss, førstehjelp, med mer. Vekten viser at jeg har 9,7 kg bekledning og utstyr på kroppen!

De spesielle turene er kanskje de jeg guider på ski. Med rifle på ryggen og rubbel og bit av alt vi har med pakket i pulker, sklir vi innover viddene. De fleste turene er såkalte kryssinger av Spitsbergen. Alt etter ruten kan dette ta fra fem dager til to uker. Ikke bare er de fysisk tunge, men man må hele tiden - hvert sekund - ta forbehold om at man tar seg gjenom isbjørnens rike. Dalene her oppe kjenner jeg som min egen lomme, men isbjørnen kan dukke opp hvor som helst, når som helst.

Gjennom natten veksler man på å sitte vakt. På en ekspedisjon i fjor gikk jeg en ti dagers tur fra øst til vest, nesten 200 km. Ingen av disse dagene viste gradestokken varmere enn 20 minusgrader. Om nettene kunne gradestokken krype ned på 30 minus. Da er det kaldt å stå bjørnevakt, skal jeg love deg. Men samtidig, om jeg var heldig, var været helt klart og vinden helt stille. Når din eneste jobb er å skue ut i terrenget rundt deg, slår ofte den faktiske skalaen av landskapet inn. Dybdeperspektivet her oppe er vanskelig da vi ikke har vegetasjon, ingen konstruksjoner, ingen ting som hjelper deg å dimensjonere breer, fjell og fjord. Plutselig innser en hvor lange og dype dalene er, at viddene faktisk strekker seg flere titalls kilometer. Det eneste du hører, er snøen knake under skoene dine, eller ropet fra en polarrev eller to. Brått kjenner man seg ekstra liten. Det er disse øyeblikkene jeg setter ekstra høyt. Ekte Svalbard-magi.

I fjor sommer bodde jeg i fem måneder i en isolert hytte som kan nås etter fem timer på snøscooteren (på vinteren) eller et par timer med båt (om sommeren). Uten telefondekning, vann, strøm eller avløp.

Det er det gode liv, tro meg, selv om det kanskje ikke høres slik ut. Alt blir så ukomplisert i en slik hverdag, da dagene går ut på å smelte vann og å holde orden i hytta. Drikkevannet fikk vi fra bre-is vi fisket opp fra fjorden. Jo klarere bre-is, desto renere drikkevann ble det når den smeltet. Hytten lå bare noen få hundre meter fra Nordenskiöld-breen. En massiv bre som strekker seg 25 km innover i landskapet og som er 11 km bred på det bredeste.

Stillheten og isolasjonen på et slikt sted er til å ta å føle på, kun avbrutt av drønn fra breen i det den kalver store blokker is. Eller den katabasiske vinden de dagene den kommer rasende ned breen og brer seg utover Adolfbukta. På de fine dagene, der vinden ikke rusker deg i alle retninger, kunne jeg ta morgenkaffen i hytteveggen for å stirre på isen. Nordenskiöldbreen er dessverre en av de breene som trekker seg raskest tilbake på

Svalbard i dag. Bare i løpet av de fem månedene jeg bodde der, så jeg enorme forskjeller på brefronten. På ca 100 år har breen trukket seg tilbake mer enn 4000 meter! En hard realitet i dagens globale klimasituasjon.

På hytten jobbet jeg som stasjonert guide sammen med Eli, min forlovede, som har samme profesjon som meg. Jeg guidet tilreisende gjester på fjellturer, i kajakken på fjorden og på brevandring/klatring da jeg også er lisensert bre-guide. Ingenting slår følelsen av å spenne på seg isbrodder, stroppe på seg klatreselen og klatre opp en vegg av bre-is. Utsikten på toppen er også verdt en lengre pause om en orket å dra med seg en kopp og en termos med kaffe til topps.

I noen uker hadde vi også en binne med to små som losjerte på en bit land som strekker seg ut fra brefronten. Dette var en velkjent binne for lokale, kalt Frost. Hun var en smart bjørn som visste at det (for det meste) var lurt å holde seg unna mennesker, men i ny og ne kunne hun dra med seg de to små forbi hytten for å hilse. For oss var det kanskje ikke gjestene vi hadde mest lyst til å motta, kanskje spesielt de gangene de bare var innom for å smake på gummibåtene våre (som vi forståelig nok var veldig avhengige av).


De fleste bjørnemøter jeg har hatt har vært helt udramatiske; både på ski, i kajakk, til fots og i hytter. Men jeg hadde ett bjørnemøte i september 2018 som var nærmere enn det som er komfortabelt. Jeg og Eli tilbragte en uke i en gammel fangsthytte i Skansbukta.

Første kvelden var over og vi var på vei til sengs. Han skulle ut for tømme blæren, men før han var gått ut for dørstokken var han på vei inn igjen - "BJØRN!". Ikke mer enn 50 meter fra hytten sto en binne med unge og sniffet i luften. Sommer og senhøst er en tung tid for isbjørnen da matkildene er få, og man kunne se at målet var maten de kunne lukte fra hytten. Vi måtte skrike og skyte knallskudd i nærmere en time før hun ga seg og la på svøm. På grunn av binnens påtrengende adferd ventet vi at de skulle komme tilbake. Vi sov definitivt med ett øye åpent den natten, om vi klarte å sove i det hele tatt. Men binnen kom aldri tilbake.

Derimot bestemte en annen isbjørn seg for å komme på besøk - to netter senere våknet jeg nemlig av at hytteveggen ristet. Umiddelbart skjønte jeg at det var isbjørn, hoppet ut av soveposen og trev med meg riflen i farta. Jeg åpner vinduet og hopper ut på et lite bord rett utenfor. Kun få meter unna står en stor hannbjørn og titter på meg. Han står på bakbena og hviler framlabbene på døren til hytten. Bjørnen er så stor at snuten er på høyde med taket. Vi tittet på hverandre i to sekunder. Sekundene føltes som en liten evighet - en evighet der vi begge vurderte situasjonen og neste steg. Jeg tok ladegrep og skjøt i luften. Isbjørnen satte på sprang.

Når skuddet ble avfyrt, våknet Eli og kom løpende ut med to grytelokk (noen isbjørner liker ikke lyd av metall mot metall nemlig..). Bjørnen var da flere hundre meter borte, og først på det tidspunktet innså jeg at jeg sto der i undertøyet. Og at det var kaldt! Det er imponerende for et fokusert tunnelsyn man får i slike situasjoner. Først når situasjonen er over, kommer verden rundt deg tilbake.

På somrene ellers finner du meg helst på forskjellige båter i fjordene rundt Svalbard. For det meste jobber jeg på isbryteren Commandant Charcot, der jeg er sikkerhetsansvarlig for ferdsel på sjøis, isbjørnsvakt og våpenansvarlig. Jeg har vært privilegert nok til å stå på Nordpolen fire ganger. Det er noe helt eget å ferdes i isen så langt nord. Et nakent langstrakt landskap av drivis, svøpt i et slør av snø. Fargene er så lyse at det svir i øyene når du



Isbjørn på Svalbard.

står ute og skuer etter bjørn. Det eneste du hører er lyden av sjøis som beveger seg og skli langs skroget på båten.

Når vi ferdes til Nordpolen, studerer vi satellittdata som vi henter fra sirkumpolare satellitter. Vi ser etter den enkleste ruten nordover, og med det menes råker. Råker som helst har fryst nylig. Vi skal, og vil ikke, bryte opp det vi definerer som flerårsis - "multi year ice", sjøis som har overlevd smelting fra to eller flere somre. For å minimere våre fotspor i dette landskapet, sprekker vi opp råker og lar den eldre sjøisen være i fred.

Det rister og vibrerer i båten, men hun styres stødig av is-piloter og kapteiner som har ferdes i polare regioner i flere tiår. Jeg var sist på Nordpolen denne sommeren (2023). Da arbeidet jeg med et spennende prosjekt i samarbeid med National Geographic og Disney. De filmet en dokumentarserie om klimaendringer i polare regioner. Filmstjernen Will Smith er med i serien som programleder, samt forskere med spesialisering innen mikroorganismer som lever i og rundt sjøis.

De fleste tenker på Nordpolen som statisk - men isen her oppe er faktisk i stor bevegelse. Drevet av vinder og havstrømmer, den såkalte transpolare drift, for første gang dokumentert av Fridtjof Nansen i årene 1893 - 1896.

En arbeidsdag for meg tilbringes på isen. Før skipet godkjenner å sette personer på isen, er jeg og et par andre fra "Ice assessment team" ute for å måle isens tykkelse, styrke, sjekker skrugarder og hvor mye vi har av eventuelle sprekker, åpninger ("polynjaer") eller smelteskrugarder og hvor mye vi har av eventuelle sprekker, åpninger ("polynjaer") eller smeltevannshull. På dager med mye vind for eksempel, kan man risikere at isen komprimeres sammen eller sprekker opp og driver fra hverandre i mindre isflak. De store variasjonene medfører at overvåking av sjøisen er kontinuerlig og utfordrende.

Med denne båten har jeg også seilt gjennom Nordvest-passasjen. Vi kastet loss hjemme fra i Longyearbyen, seilte så langs østkysten og vestkysten av Grønland, før vi kom inn i kanadiske og amerikanske farvann.

En tur på over en måned gjennomført på senhøsten 2022. Ikke bare fikk jeg opplevd



Fra Nordpolen.

varierte arktisk natur, landbasert dyreliv og marint dyreliv, rolig sjø og hard sjø. Men jeg fikk treffe inuitter! Fra små landsbyer både på Grønland og fra Baffin Island i Canada. Da tenkte jeg mye på Roald Amundsen, min store helt, og hans tid i disse områdene. Kunnskapen inuittene har om sitt polare element er enormt! Hardt opparbeidet kunnskap om snø, is og ikke minst deres tradisjonelle metoder for å overleve i et brutalt klimatisert miljø. Disse metodene brukte Roald på sine senere ekspedisjoner og de var et viktig bidrag til hans suksess.

Jeg fikk selv gleden av å lære av Adam og Ole. To enestående inuitter fra Kullorsuaq, nordvest på Grønland. Begge har levd og lever fortsatt et tradisjonelt liv der de jakter hval, sel, hvalross og isbjørn som levebrød. De lærte meg og Eli ulike teknikker og metoder for å kategorisere sjøis. Kommunikasjon var via en tolk. De kunne fortelle mer om sjøisen vi stod på, enn hva de fleste av oss klarte å finne ut ved hjelp av moderne måleinstrumenter. Metoder jeg har tatt med meg videre og bruker i min profesjon den dag idag.

Under mørketiden hjemme på Svalbard er det ikke så mye å gjøre, bokstavelig talt. Snøen legger seg ikke tykt før rundt nyttår, så ferdsel på scooter langt fra byen er ikke enkelt. Uansett har vi bekmørke fra november til februar, så man får ikke sett så mye likevel (annet enn nordlyset selvsagt). Derfor jobber jeg disse månedene i Antarktis, og har gjort det de siste fem mørkesesongene.

Naturen der nede er ingenting annet enn storslått. Breene klatrer til topps av fjelltinder, isfjellene er større enn hus og dyrelivet er i hundretusen-tall. Jeg har sett alle pingvinarter på det antarktiske kontinentet - også den mest spesielle - Keiserpingvinen, den eneste arten som oppholder seg på kontinentet året rundt. Koloniene ligger langt sør, så de er vanskelige å nå. I fjor tok vi oss frem til en av koloniene i Weddel-havet. De siste kilometrene gikk vi til fots - og vi er de eneste som har gjort det (som vi vet om). Vi tilbragte tre hele dager der, bare for å kunne observere pingvinene og deres adferd. Vi fant også en annen keiserpingvin-koloni i Bellinghausen-havet, som ikke engang hadde blitt dokumentert tidligere. Ornitologer som spesialiserte seg på denne type pingviner kunne bekrefte dette offisielt da vi faktisk kunne se kolonien på detaljerte satellittbilder fra regionen.

Jeg skal tilbake til disse koloniene, breene, isfjellene og tindene til mørketiden i år igjen. Jeg er heldig.

Nye eventyr er alltid på gang. Nå når jeg skriver denne teksten, befinner jeg meg faktisk på 81 grader nord. Nærmere bestemt i sjøisen nord for en av de mest avsidesliggende øyene på Svalbard - Kvitøya. Et hvalkadaver er skylt opp på land, så vi vet der er flere isbjørner som fråtser i spekket. Men kystlinjen har skjult seg i tåke hele dagen. Vi får se hva som skjuler seg på stranden i morgon tidlig, når været letter.

Hest drepen av bjørn. Men kva for hest?

Av Kai Løseth



Kai Løseth frå Ramstaddal er pensjonert overlege og har arbeidd ved Ålesund sjukehus. På fritida granskar han lokalhistoria og har skrive ei rekkje lokalhistoriske tekster med utgangspunkt i Ramstaddal.

Den 5. og 6. november 1720 var det tingsamling for Valde skipreie. Ei av sakene som var oppe var om ein hest som var blitt drepen av bjørn. Men kven eigde hesten – var det Hans Aure, eller Jon Aurdal?

Her er innføringa i tingboka, lett normalisert:

Hans Oure er stefnet af Joen Overdal for een hest som de begge sig vedkiender. Begge parter møtte for Retten og efter nogen samtale, i tanke at de skulle blive forligte, som ei kunde skee, formedelst begge parter paastod at hesten var deris, saa fremstillede Joen Overdal sine indstevnte vidner, neml. Christopher Overdal og Iver ibdm.¹ for at vidne deris sandhed i sagen. Begge vidner blev formanede at sige deris sandhed, og efter at eedens forklaring af lovbogen for dennem lydelig var oplest, og endnu var alvorlig advarede at vogte sig for meeneed,² fremstod Christopher Overdal, som efterat hand sin eed efter Loven med opragte fingre hafde aflagt, vandt³ og udsagde: at Joen Overdal og Hans Oure hafde hver sin hest, hvoraf een blev dræbt af bjørnen noget efter Ste Hans tid sistleden. Den eene af dem som tilhørte Joen Ourdal har hand ofte seet tilforn,⁴ men Hans Oures veed hand icke at have seet, førend den eene var død.

Da nu hesten var dræbt, og førend vidnet hafde seet enten den som var død eller den som levde, sagde Joen Ourdals kone til ham, at deris hest hafde een hvid plæt⁵ paa næsen, hvilket og befindes paa den som lever. Men den døde, da han saae den, hafde ingen saadan plæt. Saa sagde og Hans Oure at hand ei vidste andet end hans hest var ioe een



Både storleiken på hesten og rompeklipp var argument då retten skulle avgjere om det var hesten til Hans Aure eller Joen Ourdal som var slegen i hel av bjørn. Dommen i 1720 var salamonisk; Ein halv hest til kvar.(Ill.: Wikipedia Commons.)

god mon større end Joens hest, men hvilken som var størst af den døde eller levendis har hand ei selv maalt eller veed, uden hvad hand har hørt af andre. Ellers synis hand paa farven at dend levende hest mere ligner Joen Ourdals hest end dend som død var, og videre vidste hand icke sagen til oplysning, hvorefter hand blev dimitteret.

Iver Ourdal derefter blev fremkaldt og efter aflagde eed, vandt, at hand ofte har seet Joen Ourdals hest, men Hans Oures hest har hand icke seet uden een gang som snarest, da hand syntes at dend var noget lyskere end Joens. Da dend eene hest var dræbt, var hand henne at besee den, saasom den levende. Men førend det skeede, sagde Joen Ourdal at hafde klippet sin hest noget lidet ved rompegiorden, og Hans Ovre sagde at hafde klippet sin hests rompe, samt at hand meente sin var større end Joens, hvilket, saa vidt klippingen angaar, hand befant efter Joens forklaring, at være paa den levendis, og efter hvis Hans Oure hafde sagt, at være paa den døde, men da de blev maalte var de begge større end det maal som Hans Oure hafde paa sin, siden hand den hafde kjøbt, og de begge syntes nu liige store, dog at den døde drog sig for den levende, saa syntis og vidnet at den levende hest lignet mest paa farven Joen Ourdals, serdelis i Halen, hvor den inde i haarene var noget mørk som hand veed Joen Ourdals var. Videre forklarede vidnet, at Joen Ourdals hest hafde vant sig til at følge med et fjøll som tilhørte ham, hvilket og den levende siden gjorde efter at skaden var skeed, og efterat Hans Oure den hafde bortført som levende var, holdt samme fjøl sig til moderen til den. Videre vidste vidnet icke.

Endnu fremstillede Joen Ourdal Peder Aasen og Ole Aasen, for hvilke ligeledis eders forklaring blev oplæst og de alvorlig formanede at sige deris sandhed. Begge forklarede, først Peder Aasen, at hand ei veed bedre eller rettere end Joen Ourdals hest hafde een hvid plet paa næsen, men at sige det for fulde eller gandske vidst, kand hand icke. Ole Aasen efter aflagde eed forklarede, at hand ei rettere syntis i vaar da hand saae Joen Ourdals hest, eend den hafde een hvid plet paa næsen, men hand kand ei sige det for visse.

Christopher og Iver Ourdal blev igjen fremkaldt og paa spørmaal af Joen Ourdal, under den aflagde eed forklarede, at een soldat sagde til dem begge i sommer, at Joen Ourdals hest hafde een hvid plæt paa næsen, og da Christopher Ourdal bad ham at agte sig, om hand og vidste det sichert, sagde hand at hand derpaa kunde gjøre sin eed.

Den indstefnte Hans Oure fremstillede herefter de vidner som hand har i sagen at føre, nemlig Ole Knudsen Rixem, som efter aflagde eed vandt, at hand ei rettere kand skjønne eend den levende hest ioe tilhører Hans Oure, saasom hand den ofte i et gandske aar har seet. Lars Rixem efter aflagde eed forklarede, at hand ligeledis ei rettere veed eend ioe den levende hest er Hans Oures, og kiender hand den paa den hvide plæt på næssen

Afsagt

*At efterdi ingen av vidnerne fuldkommen kan sige enten den levende eller døde hest tilhører Joen Ourdal eller Hans Oure, saa **Kiendis for Rett**, at de begge toe bør have halve parten i den hest som lever, og den eene udløsse den anden. Om de ellers icke kand forenis, med penge 2 rdr 3 mrk,*

Kjelde: Tingbok for Sunmøre sorenskriveri 1719–1721

<https://media.digitalarkivet.no/rg20090420320334>

¹ sameleis, altså Overdal (Aurdal)

² meineid, falsk forklaring under eid

³ vitna (vidne, vandt, vundet)

⁴ tidlegare

⁵ Flekk



Odd Fladmark, fra Ålesund, fødd 1932, har vore feriegjest på La-stølen frå 1936. Han meiner historia om setrelivet i Velledalen ikkje er komplett utan inntrykka frå alle som ferierte på setrane. Artikkelen er ei redigert utgåve av eit hefte som Odd Fladmark skreiv for familien i 2004.

Byfolk på La-stølen

Av Odd Fladmark

Slott over slott seg bygger rundt alpinanlegget på Fjellsetra og store hytteanlegg ligger tett i terrenget. Noen av de første som oppsøkte La-stølen som sommergjester var familien Fladmark fra Ålesund. Her fant de sitt ferieparadis fra 1936 og framover.

Familien Fladmark var mor Inger 1901- 1989 (født Kongshaug) og tre barn: Peter Ludvig, født 1929, Inger Margrethe (Søsse), født 1930 og Odd, født 1932. Vi leide det forholdsvis nye selet til Andreas Lade (Hauknut-selet) fra om lag 1936 og bodde der fem-seks uker hver sommer inntil selet ble solgt til L. K. Hjelle under krigen. Da flyttet vi opp i Solslett-selet (Murselet), som for anledningen ble påbygd med et rom til seterjenta. Vårt aller første møte med Fjellsetra var tidlig på trettitallet. Ole T. Lied hadde nettopp bygd Fjellseter Hotell. Da fikk vi disponere «Gamlestova» - ei skikkelig tømmerstue med peis og ellers alt vi trengte. Etter at vår far døde i 1935, flyttet vi ut på La-stølen hvor vi hver sommer levde et herlig liv i nær tilknytning til setra. Sammen med oss de første somrene var bestefar, skipper Karl Kongshaug og bestemor Petra.

La-setra

I Hauknut-selet var Julie Lade seterjente. Hun var et enestående menneske som vi ble meget glade i. Hun bodde i et lite rom i vestenden av selet, mens vi disponerte resten. Allerede før vi hadde våknet om morgenen, hadde hun gjort unna melkinga, sendt den



Lastølen, sett mot nordvest med gråkoller og sel. (Foto: Erling Birkeland. Romsdalsmuseet/Digitalt museum.)

med melkebilen og var på veg tilbake til gården i Velledalen sammen med de andre seterjentene.

Julie solgte melkeringer og hadde et skilt der det sto «MELKERINGER TIL SALGS». Når Julie var nede på gården, var det mor Inger som sto for salget. En gang var det noen som skulle være morsomme og fjernet en bokstav fra skiltet, slik at det sto: MELKE INGER. Joda, det var mange som lo, men jeg tror ikke mor Inger var så begeistret.

Om ettermiddagen kom seterjentene til seters igjen og vi ungene sprang nedover vegen for å møte dem. Vi ville så gjerne hjelpe dem, men vi var nok helst til bry. Jeg husker at vi fikk slippe inn kyrne og feste dem i båsene og så sto vi gjerne i ring og så på under melkinga. Kunne vi få en sprut direkte i munnen, var dagen reddet!

Ei annen seterjente som vi likte svært godt, var Sina Lade i Jetmund-selet, eller Oskar-selet som vi sa. Der var vi ofte på besøk. Der var det alltid reint og fint med nyskurt gulv. Snillere jente enn Sina kunne vi ikke tenke oss. Vi har forresten bare gode minner om alle seterjentene: Ola-Jonna, Søsma-Laura, Olea og Lisa. Og ikke minst Reme-Anna, som var ung og pen og hadde gramofon som vi fikk lov å spille på.

Anna Lade (Solslett-Anna) var den vi hadde mest å gjøre med etter at vi flyttet inn i selet hennes. Det var nok ikke bare moro å få selet fullt av fremmede, men vi hørte henne aldri klage. Hun var av den arbeidsomme og beskjedne sorten.

Sommergjester

Vi var absolutt ikke alene som sommergjester på La-stølen. I Reme-selet bodde fra tid til annen onkel Kristian og tante Marthe Kongshaug med barna Karl-Ivar, Terje og Ingrid (Vesla). De var om lag på vår alder. Skredder Welle og familien fra Aure bygde hytte på setra. Først et lite skur som så vokste etter hvert. Skredder Welle var storfisker og jeg ser ham for meg med en stor hank ørret på sykkelstyret. I Bøda-selet på Øggardsetra bodde onkel Erling og tante Randi Næss med barna Gunvor, Bjørn og Steinar. Innimellom bodde der andre, blant annet fru Thorsvik og hennes to sønner. Familiefaren, Harald Thorsvik, ble skutt av tyskerne allerede i november 1941. Det gjorde selvsagt et stort inntrykk på alle som kjente familien. Etter krigen bodde familien Hoff i Bøda-selet og i femtiåra var Terje Kongshaug og kona Unni, som bodde i Oslo, årvisse gjester.

I Frøysa-selet bodde en prest som vi hadde lite kontakt med. Han sto ofte på trappa i kvit



Sammen med oss i La-selet de første somrene var bestefar, skipper Karl Kongshaug (1869 – 1945) og bestemor Petra, født Hessen. (1873 – 1939). (Foto: Privat)



Lars Lade har lånt pipa si til Karl-Ivar Kongshaug. Gutten med brillene er Peter Ludvig og i døra står Søsse og ser litt bekymret på fotografen. (Foto: Privat).



Karin Hollevik, seinere Eriksen og Søsse Fladmark foran Joselet. Vi kalte det Musehogget. (Foto: Privat)

skjorte med oppbrettede ermer. Familien With, med barna Eva og Reidar (Rei), bodde først i et sel på Drabløsstølen, men fikk så leie Vinje-hytta. - Men vi holdt oss mest på La-stølen. Der var det liv og røre – og vi kunne få oss en melkeringe bare vi hadde 25 øre. Jeg lærte forresten å svømme i en av kulpene nedenfor La-stølen, forteller Rei.

De første hyttene

Vinjehytta var vel den første av hyttene som ble bygget i utmarka. Det var bønder fra dalen som sto for mye av arbeidet. Den neste hytta var det Andreas Lade og sønnene som satte opp, midtveis mellom La-setra og Fjellsetra. De ble overtatt av en danske fra Ålesund ved navn Møller. Den dag i dag kalles hytta Møllerhytta.

Utmarka rundt stølene var den gangen felleseie. Alle grunneierne måtte være enige viss en skulle selge ei tomt. Bestefar Karl Kongshaug hadde sett seg ut ei tomt på en haug i skogen nord for hotellet og hadde fått tilbud om et tømmerhus han ville flytte dit. Noen av barna fulgte ham på den møysommelige vandringen til de mange grunneierne. Han var oppsatt på å komme raskt i gang og hadde penger med til tomtekjøpet. Skuffelsen ble stor da det viste seg at en grunneier sa nei til salg, han var redd for at det skulle gå ut over beitemulighetene. Det ble en lang og tung veg tilbake til setra den dagen.

På Drabløsstølen hadde Fredrik Drabløs og Lars Hansen bygget hytter og på Øggardsstølen satte Fritjof Fredriksen opp ei stor hytte et av de første krigsårene. Ytterligere hyttebygging ble det ikke før utmarka ble skiftet, slik at de forskjellige grunneierne kunne bestemme om de ville selge. Nå er det flere hundre hytter i området.

Solslett-selet

De fleste minnene har vi fra Solslett-selet, eller Murselet, som det også ble kalt. Det var nemlig bygget av stein med murpuss på utsida og kledd med treverk innvendig. Selet var kvitmalt med røde gavler og med røde, småruta vinduer. Taket var tekket med never og torv. Når det kom regn etter en godværsperiode, var det ikke fritt for at det dryppet fra taket. Heldigvis trutnet taket etter et par dager.



Solslett-selet eller Murselet som det ble kalt. (Foto: Privat)

Utsikten fra selet var fantastisk. Østover så vi Auskaret (Auskjeret), Nysetervatnet og Fausadalen. Bak der lå Stordals-halsen, som var vår lokale værmelding. En skoddedott her varslet sørvest og regn. Det kunne være mye skodde også på Fjellsetra. Det var spennende å høre folk og dyr uten å se dem.

I sør ruvet Fitjakollen og Kleivdalsfjellet (Blåfjell) med toppen av Roaldshorn så vidt synlig midt i mellom. Myrdalsfjellet (Slubba) med sine slakke sider fristet til besøk både sommer og vinter. I sørvest kneiste Holetindane og enden av dalen var de vakreste av alle: Regndalstindane omkranset av evig snø. Blåtind i nordvest sørget for tidlig solnedgang og bak setra ruvet Setrefjellet. Vi så ofte ørn som svedde majestetisk over fjellet. Da skyndte vi oss i hus, for vi hadde hørt at ørna kunne ta barn!

Mellom Særefjellet og Auskaret ligger Røvsdalshornet (Tua). På toppen her fant vi noe vi

aldri hadde sett før. Det skein så flott i solskinnet. Vi bar med oss så mye vi klarte og trodde at vi hadde blitt rike. Men akk, de voksne kunne fortelle at det bare var kråkesølv. Vi kalte fjellet for Memorgohornet, for det hadde en kar fra Aure fortalt oss var det riktige navnet.

I selet var det selvsagt ikke strøm og innlagt vann. Vi klarte oss godt uten. Vannet hentet vi i ei oppkomme om lag hundre meter oppe i lia, eller vi stakk ned i Hauknut-brønnen. Dit var det kortest veg, men den var som regel full av melkespann til kjøling og da var det vanskelig å få bøtta nedi. Om vinteren smeltet vi snø. Ved var inkludert i leia, så den hadde Petter K. Lade (Solslett-Peder) sørget for i rikelig monn. En støpejernovn ga god varme og var fin til matlagning. Det var til og med mulig å bake brød i ovnen. Men den kunne også være vanskelig. Av og til blei røyken i selet så tjukk at vi måtte styrte på dør og krype inn igjen med småved for å få ny fyr.

Vi disponerte to rom i selet. Det minste hadde to senger, en kommode foran vestvinduet og et stativ til vaskevannsfat med et speil over. Det største rommet hadde en brei sofa, spisebord foran vinduet med en benk og to stoler, en kjøkkenbenk med overskap og en krakk til vannbøtta. På veggen noen malerier og lampetter, beregnet for stearinlys. Under ovnen en kasse til ved og på ene kortveggen ei hylle med forheng. Under den hengte vi klærne våre. Jeg må ikke glemme gardinene: Hjemmesydd og hjemmekoselige av rødrutet stoff. Etter hvert fikk vi byttet ut halmmadrassene med springmadrasser – et stort frem-skrutt.

Klærne vasket vi vanligvis i en kulp på Drabløs-sida, der elva rant ut i myra. Der vasket vi også oss selv med såpe fra topp til tå. Det var forresten en fin bade plass, der vi tok med oss mat og var borte hele dagen. Doen var et bittelite hus i tilknytning til fjøset. Doveggene besto av et lag uhøvlet plank med store mellomrom. Fra dosetet var det mulig å holde øye med alt som skjedde på stølen, men heldigvis var det vanskeligere å se kva som foregikk innenfor veggene. Vi måtte gjennom fjøset og forbi vedhaugen og noen av kyrne for å komme til døra. Når vi nattes tid var ute i nødvendig ærend, kunne vi være ganske sikker på at kyrne reiste seg og rautet, for liksom å fortelle alle at nå var noen i Fladmark-familien på do.

Etter et dobesøk var det ei mus som fant veien til hetta på jakka til Kirsten Flåthe, seinere Simensen. Hun festa hetta tett rundt hodet og kjente noe som kravlet i håret sitt. Det hylet hun da presterte holdt på å ta knekken på mor Inger inne i selet. Hun styrtet ut for å se hva som hadde skjedd, men da hadde musa allerede kommet seg tilbake i fjøsen.

Besøk

Nesten hver helg fikk vi besøk fra byen. Det var onkler og tanter og søskenbarn. Sengeplass var der selvsagt ikke til alle. At vi lå to i hver seng var helt vanlig, men i helgene måtte det flatsenger til. Da kunne vi huse 10 - 12 stykker. Det ble temmelig trangt og praten gikk livlig. Vi hadde verken aviser eller radio og visste lite om hva som skjedde ute i verden. De som kom fra byen, visste mye mer. De fortalte om tyskerne, om flyangrep, om arrestasjoner. Jeg husker at vi jublet da vi fikk vite at Aspøy-skolen var bombet. Det har jeg hatt dårlig samvittighet for i voksen alder.

Rasjoning

Hvordan vi klarte oss med mat til familien og alle besøkende er fortsatt en gåte. Det



En glad gjeng foran Solslettselet. Fremme: Emma Wagelseth med barnebarnet Marit på fanget. Videre Vesla (Ingrid) Kongshaug, Reidun Falkevik og Søsse. Bak står Steinar Ness, Odd, Johanne Kongshaug, Randi Ness, mor Inger og Peter Ludvig. (Foto: Privat)

ordnet seg alltid og vi gikk aldri sultne til sengs. Bestefar kom med fisk og kvalkjøtt fra byen. Besøkende hadde som regel med seg ett eller annet. En gang hadde bestefar pakker kvalkjøtt i kofferten sin og hadde skjemt ut kvitskjortene. Bestefar var av gamlesorten som brukte blådress og kvitskjorte både til hverdag og fest. Tvers over magen hadde han en gul-lenke som var festet til klokka og en ekte gullklump han hadde fått av brødrene sine som gravde gull i Amerika. Fritidsantrekk var ikke noe for bestefar og arbeidsklærne fra sjøbua lå heldigvis igjen hjemme i byen.

Melk fikk vi stort sett nok av på setra. Det var i midlertid streng kontroll med hvor meget som ble levert til meieriet fra hver gårdbruker. Ost fikk vi kjøpe på Fausa. De hadde mange geiter og selv om de også ble kontrollert, kunne de stikke unna en og annen ost. Egg var vanskelig å få fatt i. Det hendte vi syklet helt ned til Fet der det var en dame som solgte egg. Hun hadde en variabel pris. Vi betalte kr. 1 per stykk. Tante Randi, som var gift med en bankmann, måtte betale kr 1,25.

Kommunikasjon

Selv om vi bodde på setra både før og etter krigen, så var det krigsåra som har festet seg best i minnet. Ikke minst problemene med å komme seg til og fra. En gang brukte vi tre dager på strekningen Ålesund - La-stølen.

Med lånt handvogn fraktet vi klær, kopper og kar, mat og levende kaniner til Meierikaia hvor vi gikk om bord i «Framstig», også kalt «Kaulå». Etter mange anløp under vegs, endte den i kveldinga i Straumgjerde, hvor vi fikk losji på Dalsets hospits. Kaninburet ble plassert på en mark like ved og vi ble sendt til sengs. Vi sovnet omsider, til tross for uvant fossedur fra elva.

Neste morgen hadde vi avtalt med en lastebileier som skulle kjøre oss til setra. Timene gikk uten at vi fikk kontakt med han. Endelig kom han, men med beskjed om at han ikke hadde

bensin til turen. Går bilen på sprit, spurte mor. Hun hadde drogeriforretning og kvote på den slags ettertraktet vare. Spritflaska, som nok var beregnet på venner og kjente, ble overlevert og etter å ha lastet opp med kaninene og det øvrige pikkpakk, tre unger på laste-planet og fru Fladmark i forsetet, startet turen.

På Lade svingte bilen opp til Hauknut-garden og sjåføren gav klar beskjed om at lenger kjørte han ikke. Han hadde ikke drivstoff til den siste kneiken opp til setra. Selv en heftig diskusjon og ydmyke bønner, hjalp ikke. Det endte med at vi ble innkvartert hos Johanne og Andreas. Kaninene fikk nytt fôr. Vi fikk både mat og seng og hadde det skikkelig trivelig. Neste morgen spente Andreas hesten for vogna, lastet opp bagasje, unger, kaniner og pakkenelliker og så gikk det i gangfart til stølen.

Det var ikke bare lastebilen fra Straumgjerde som hadde drivstoff-problemer. Bussene til Stranda og Sykkylven Bil-lag måtte legge om til generatorer med knottfyring og det var ikke det som egnet seg best opp gjennom Velledalen. Ofte ble alle mannfolk beordret ut av bussen for å skyve opp de bratteste kneikene. Det var ganske vanlig at folk måtte sitte på taket av bussen sammen med reisegods og tomspanner. Vi ungene klatret av og til opp uten at sjåføren så det. Stort sett gikk det bra, men en gang falt ei ålesunds jente ned mellom bilen og generatoren og brente seg stygt. Sjåføren ble rasende og nektet oss å sitte på. Både den stakkars jenta og vi andre måtte gå den lange vegen til setra der hun fikk behandlet sårene.

Fiske

Fisking var et fint tidsfordriv og en fiskekrok, et snøre og en trestokk var alt vi trengte. Makk fant vi i møkkadun-gene og så bar det ned på myra der det var dype kanaler med finfin ørret. Vi fikk låne ruser, laget av hønsenetting. Disse plasserte vi nede i kanalene og så skremte vi fisken inn i rusene. Men vi ble aldri eksperter på rusefiske!

Det gjeveste var å fiske fra båt på Nysetervatnet. Båt fikk vi låne på hotellet. Familien Lied hadde mange båter og bare det var en på plass til bruk for hotellets gjester, fikk vi disponere de andre ganske fritt. Vi fikk også låne oter, men den måtte vi være veldig forsiktig med. Fiskeutstyr var mangelvare under krigen og det var lite utstyr å få kjøpt. På loftet i Hauknut-selet fantes en line, men den fikk vi ikke lov til å bruke uten en av La-karene var med.

De samme La-karene hadde også ei kastenot. Den fikk bestefar Kongshaug låne og sammen med fem - seks av barnebarna var vi et skikkelig notlag. Joda, vi kastet og vi fikk fisk,



En glad gjeng på seltaket: Olav Velle, Karin Hollevik, Søsse, Konrad Lange, Kirsten Simensen og Perry Dyrøy med trekkspillet. Han som sitter i snøen var fra Spjelkavik, men har ikke gjort tilstrekkelig inntrykk på jentene slik at de husker navnet. (Foto: Privat)



Her er Odd Fladmark, Søsse Fladmark, Margrethe Skudvig (seinere Thorsteinsen), Einar Larsen og Pål Fladmark. (Foto: Privat).



Badeliv i Fjellsetervatnet.
(Foto: Privat)

men det var også mye roping og skjenning. Skipperen var nok vant til å kommandere mer bevante fiskere enn oss guttungene. Nota satte seg flere ganger fast i sunkne trær og vi hadde et svare strev for å få den løs. Utpå kvelden ble det mørkt og kaldt og det var ikke lenger så stor stas å være yngstemann på notfiske. Vel hjemme i selet oppdaget bestefar at gullklumpen i klokkekjedet vart borte. Neste dag fant vi den heldigvis under tiljene i båten.

Klokkar-Petter

Selv om vi av og til rodde innover Nysetervatnet for å finne fine badeplasser, var det helst i støa ved hotellet at ungdommer samlet seg når været fristet til bading.

En gang kom det en eldre kar ned til vannet og sa at han trengte en robåt og en kar til å ro. Han skulle nemlig demonstrere «avkledning under vann». Han hadde vært på hotellet og på setrene og annonsert oppvisningen.

Det samlet seg etter hvert en hel del tilskuere og forestillingen tok til. Han hoppet ut i vannet fullt påkledd. Han tok noen svømmetak og begynte så avkledningen. Oppdriften i ferskvann er ikke så god og det fikk han raskt erfare. For hvert plagg han tok av seg, sank han helt til bunns og på grunn av grums i vannet var han ikke lett å se. Det ene plagget etter det andre ble løftet på strak arm og tatt vare på av gutten i båten. Publikum ble engstelige og enkelte ropte at nå måtte noen berge mannen.

Men han klarte seg. Til slutt stavret han seg i land, frossen, skjelvende og kun iført en lang underbukse. Alle klappet!! Etterpå fikk vi vite at det var en av originalene i Sykkylven, selveste Klokkar-Petter, som vi hadde beskuet.

Slåttonn

Både La-stølen og Øggardsstølen var innegjerdet. Dyra måtte holde seg på utsida. Det ble derfor et saftig, fint gras på setervollen, Det var stor stas på setra når gardsfolket kom for å slå. Alle gardene slo samtidig og det var mye folk fra hver gård.


Noen steder var det mulig å bruke langorv, men stort sett var det stutturv som ble brukt. Noe av graset ble fraktet til gards men noe ble tørket på bakken og satt i såte hver kveld. Da kunne vi vise hvor spreke vi var. Det gjaldt å hoppe over flest mulig av såtene uten å stoppe for å hvile. Når høyet var tørt, var vi med på å trekke lasset.

Grindgutter

Eneste mulighet til å tjene noen øre for oss ungene, var å åpne grinda når det kom biler kjørende. Vi så støvskya fra bilen på lang lei. Så sprang vi det vi maktet for å åpne grinda. Sjøføren eller passasjeren kastet ut noen småpenger og så sloss vi om å plukke dem opp. Det kunne bli nok til å handle litt snop fra hotellets glass-skap. Utvalget var sterkt begrenset, men litt krisedrops fantes som regel. Dersom det var Margrethe (seinere Utgård) som ekspederte, kunne vi få rabatt.



Skirenn med start fra Fredriksen-hytta. Fra venstre, Sigmund Hole, Roar Starheim, Arne Liavaag, Jacob Fredriksen. Han som holder handa til hodet kjenner vi ikke igjen, men karen foran med briller, er Odd Fladmark. Videre Søsse, Kari Liavaag og Åse Steffenssen. Fra venstre står Harald Thorsvik jr., Liv Drablø, Steinar Ness, Fredrik Drabløs og Thor Torsvik. (Foto: Privat)



Langtur til Grodås: I føreriset sjåfør Karsten Lied og Martin Wagelseh. Bak han ser vi så vidt Søsse. Odd og Sylvi Kongshaug sitter på klappsetene mens Johanne Wagelseh og Solveig Fannemel sitter i baksetet med Per Fannemel på fanget. Mor Inger var også med på turen. (Foto: Privat)



Bakerst står Karl-Ivar Kongshaug. Foran han Sæmund Remø, en ukjent, Johan E. Hareide, Kirsti Hovde, Arne Sørgård, Margrethe Skudvig og Kirsten Simensen. (Foto: Privat)

Påske

I påsken var det folk i alle sel. Vi skoleungdommene reiste innover allerede fredag før palmesøndag og syntes synd på de som ikke fikk komme før onsdag. Da sto vi gjerne brune og friske på Fjellseterskiftet for å ta imot. Der sto også folk fra bygda med hest og slede for å frakte proviant og reisegods til fjells. Solslett-Petter og sønnen Edvin hadde ikke hest. De dro skikkelke med handmakt. Et skikkelig slit for noen kroner i betaling. Enkelte år var det så mye snø at selv hestene fikk problemer. Hauknut-hesten, med Andreas Lade ved tømmene, klarte seg best, Det forklarte Andreas med at hesten hadde slike store hover. «Han var som skapt til å gå i tung snø».

Det er nesten utrolig at folk orket å stue seg sammen i de små sela, men for de fleste var påsketuren noe de så frem til i lang tid. Det var sang og musikk over alt og i de største sela ble det danset til langt på natt. Likevel ble det lange skiturer. Mottoet var: En ny fjelltopp hver dag. Mot slutten av påska var alle toppene oppbrukt og vi kunne kose oss i solveggen sammen med de som hadde tatt det mer med ro.

Tandstad Notlag – eit skitlag?

Av Geir Tandstad



Geir Tandstad
fødd 1955, har vore lærar
ved Sykkylven ungdomsskule,
Velledalen skule og Tandstad skule
og gardbrukar på
heimegarden på Tandstad.

«Tandstad Notlag e' et skitlag – set mej i land!» Slik fall orda, klart og kontant, då påstanden blei framsett under notfiske i indre delen av Sykkylvsfjorden ein gong mot midten av 1900-talet.

Det er ei velkjend og seigliva herme blant folk på Tandstad iallfall. Ein kan saktens lure på kva slags frustrasjon og misnøye med eige notlag som utløyste ei slik kraftsalve. Og det som der og då nøyaktig var eller gjekk gale, er usikkert no i ettertid. Det kan tenkjast at det verkeleg kokte over for den elles sindige mannen, men det er nok vel so truleg at han som vanleg tok det heile med fatning, og at utsegna faktisk berre er lun humor.

«Skandinaviens Skrekk»



Kanskje skriv det seg frå ein typisk stressa situasjon for notlaget, då det gjaldt å reagere raskt på til dømes eit silderensel i fjorden. Tandstadkarane var visst kjende for ikkje å vere smålåtne, men heller godt frampå med å krevje både sin plass og sin rett når kappestriden om notplass og notsetting stod på som hardast. På hi sida av fjorden var det nemleg ein ordhag, slagferdig person (minst éin!) som likte å sette karakteristiske kallenamn på forskjellige notlag her inne i Sykkylvsfjorden. Og soleis vart Tandstad Notlag ofte nemnt som «Skandinaviens Skrekk», vekselsvis med «Havets Skrekk».

Dette notlaget var altså for alle tre gardane på Tandstad, der 8 gardsbruk var luteigarar; to på ytre, fem på midtre og eit på indre Tandstad. Dei eigde m.a. ei stor slengjenot, som dei fiska med. Både på Straumsheim og på Riksheim/Erstad hadde dei elles slengjenøter, av dei fem som fanst i heile Sykkylven. Dei fleste gardsbruka hadde i tillegg eigne, mindre nøter, enten åleine eller to-tre i lag. Dermed gjekk notlaget til Øvstegarden på Ytste-Øggarden under namnet «Olsens Sønner», etter «'nå Olsen» – Peter Olsen Tandstad (far til m.a. Bernt, Erling, Karl/K.P. og Tomas). På Erstad var det sameleis to lag med kastenøter, og dei vart namnsette utifrå skilnad i alder og generasjon, høvesvis «Alders Kvile» og «Familiens Håp».

Basen

Hilmar frå Øvste-Holen i Pålgarden (sjå foto) var notbas. Han låg gjerne utpå fjorden med færingen sin og kika etter og vurderte fisk i sjøen. Dei hine i laget venta med notbåt og spelbåt oppe i fjøra, klare til å aksjonere på signal frå basen, med grei beskjed: «Når dørke ser at ej helde ei år rett upp, må dørke strakst ro ut med not'ne, enn so risikera' øss at 'anj Pe-Hans kjeme med båta sinå og lure' øss!» Det kunne nok ofte verte langdryg venting før det barst til, og det gjaldt å halde både kropp og sinn i beredskap, om ein vart trøyt eller kald. Alfred frå Nedste-Holen var ein spreking i sine velmaktsdagar og visste råd for slikt; han både slo stiftan og tok nakkespretten med fullt oljehyre og støvlar på!

Hilmar frå Øvste-Holen i
Pålgarden var notbas.



Dei var nøgne på korleis dei behandla nota. Etter bruk la dei henne til turking utover marka på notavollen. Der såg dei over nota og bøtte henne. Til alt arbeid med bøting og vøling brukte dei åtte luteigarane i 1944 til saman 754 timar, står det i ei notisbok etter Tandstad Notlag! Når nota ikkje var i bruk, heldt ho seg best opphengd nedbørsfritt inni naustet, ofte til lufting for opne dører. Hilmar hadde eit uttrykk for dette, som skil-dra korleis nota hekk ned i bukter bortetter opphenget; «ho ska' henge i ræve'». Det var elles mykje anna arbeid som òg fylgde med slengjenota. Ho var laga av bomullsgarn, og for at det skulle halde seg best mogleg, barka (impregnerte) dei garnet; kokte store mengder bork og fylte opp i store kjørel – eller i ein færing – med notgarnet nedi. Luteigarane leverte samla 115 kg bork til dette i 1944, er det notert.

Årstalet for skipinga av Tandstad Notlag er vi ikkje heilt sikre på, men bankboka etter laget viser at fyrste innskotet i Sykkylven Sparebank var i juni 1938. Notlaget kom iallfall i stand etter at eit endå større notlag, med luteigarar heilt frå Tynes og vidare innover Sykkylvsfjorden, vart oppløyst tidleg på 1930-talet og selde stornota si, den sokalla Innfjordnota (ho hekk i eit stort, ope naust på Sandneset, inst på midtre Tandstad). Stornota brukte dei òg til havs på kysten av Sunnmøre, der karfolk frå Sykkylven dreiv vinterfiske i fleire generasjonar, med opphald på øyane, t.d. på Alnes.

Sild og brisling

Dei åtte luteigarane i Tandstad Notlag bygde naust utanfor Revet, på Nedstegarden på Ytste-Øggarden. Det gjorde dei på 12 dugnadsdagar, står det i notisboka deira. Der var det plass til både slengjenota, spelbåten og ein stor notbåt (storfæring med to årepar). Det var særleg under krigen at fisket, hovudsakleg etter sild og brisling, var ei viktig attåtinntekt for luteigarane, som kvar kunne ha opp til 600 kroner i årslott på slengjenota. Det var mykje og gode pengar den gongen. Største fangsten som er notert på éin dag, var 30. mai 1944, då eit mannskap på 9 (sjå foto) drog inn nesten 150 hl sild. Dei neste tre dagane selde dei mesteparten til 5 ulike oppkjøparar, som kom hit inn i fjorden med motorbåtane sine (sommartid måtte matsild stå i steng i to-tre dagar for å kvitte seg med åta). Elles kunne notlaget ofte selje sild i smått til bygdefolk, enten i bytter eller litermål. Dessutan heldt dei seg sjølve med mykje matfisk, både sild, sei, makrell og anna. Då «bytte» dei fangst seg

8 Utbetaling vert også gjort mot laus kvittering, check og tilvising. Den sum boka lyder på, er derfor ikkje prov for kor mykje ein har tilgode.			9 Utbetaling vert også gjort mot laus kvittering, check og tilvising. Den sum boka lyder på, er derfor ikkje prov for kor mykje ein har tilgode.		
19 45	Innskot	Tilgodehavande Kr. Øre	19 56	Innskot	Tilgodehavande Kr. Øre
	Overført	1690 92		Overført	2630 07
		200000			865000
		149096			176567
					6528
					183095
					4575
					4690
					4808
					197168
					4928
					5050
					5178
					5308
					217632
					1850
					219082
					219082
					0000

imellom (eit uttrykk særleg kjent frå det store notlaget på Riksheim/Erstad, med Bytningsnota).

Bombefly

Ikkje lenge etter invasjonen i april 1940 kunne det nær ha gått gale med mange i Tandstad Notlag. Då låg eit mannskap med not og båtar i fjøra utanfor Øggardsvika, og eit tysk bombefly (Heinkel 111) kom i låg høgde innover fjorden. Det vart sjølvstøtt full panikk i notlaget, og dei rømde oppover frå sjøen, vekk frå båtane, og prøvde å søkje litt dekning. Bombeflyet hadde likevel sett seg ut eit anna mål lenger inne på Tandstad. Inst på Pålleira låg nemleg hospitalskipet *Brand IV*, som eigar Bernt Fauske hadde prøvt å gøyme der og berge unna frå tyskarane. Det var då allereie sterkt skadeskote i eit nyleg tysk bombetokt utanfor Grytastranda i Haram, trass lett synlege Røde Kors-merke. Fem sivile omkom, og mange fleire blei hardt skadde. Heldigvis vart *Brand*-båten verken treft eller meir skadd av bombeflyet over Sykkylvsfjorden, og dei livredde tandstadkarane i notlaget slapp òg med skrekken frå denne opplevinga.

Etter krigen dabba det gradvis av med fjordfisket, då ikkje minst sildefisket vart meir effektivisert og føregjekk ute på kysten, med større motorbåtar og nøter av nylon. Dessutan vart dei fleste karane opptekne med fast arbeid i møbelindustrien i bygda. Dei siste kasta som er noterte av Tandstad Notlag, er frå 15. mai 1948, med eit mannskap på berre 6 – det minste som trongst for å kunne handtere slengjenota og båtane greitt. Fangsten var svært god den dagen, etter to notkast; omtrent 105 hl sild/brisling (1 skjepp = 20 liter), samt litt sei (sjå foto).

Frå tidleg 1950-tal vart aktiviteten i notlaget i praksis avvikla, då dei etter kvart selde både slengjenota, båtane og anna utstyr. Naustet løyste Nedstegarden på Ytste-Øggarden ut, og det er framleis i bruk der, i god stand. Likevel eksisterte Tandstad Notlag formelt heilt til mai 1964, då bankboka vart avslutta (sjå foto) og restsummen delt mellom luteigarane.

Sluttnote og kjelder

Inspirasjonen til dette stykket er m.a. «*Fjorden var halve føda*» – Jostein Drabløs (*Årbok for Sykkylven 2022*). I fjor døydde òg siste tidsvitnet som var aktivt med under perioden til Tandstad Notlag; *Olav H. Tandstad (f. 1928)*. Han var onkelen min og er ei hovudkjelde til stykket mitt, med mangt å fortelje om notlaget, folk og levevis på den tida. Dessutan låg både *bankboka* og *to notisbøker* etter Tandstad Notlag att i Simågarden, då far min (Trygve) ser ut til å ha vore den siste med det kombinerte vervet kasserar og skrivar (frå 1944 av). Takk òg til *Hans P. Strømmegjerde* for gode innspel til meg. Elles er det mykje interessant, godt og detaljert stoff om fisket generelt og notfisket spesielt i desse bøkene:

«Lett på døsa di!» – Bernt Tandstad (*Eldar Høidal, red.*)

«Tomas i 100» – Per Svein Tandstad

Gardssoga for Sykkylven, band II og III – Gustav Weiberg Aurdal og Martin Gjævenes.

Oppfinnaren av ålesundsmuren

Av Kjetil Tandstad

Billeg og sterkt var idealet for ein som hadde vakse opp på gard inst i Sykkylvsfjorden og hadde lært å setje tæring etter næring. Som steinarbeidar i Ålesund merka Peter Strømmegjerde frå Eilivgarden i Straumgjerde at prisane på materialar gjekk kraftig opp etter bybrannen i 1904. Murtvungen førte til press i etterspørselen av sement og kalk. Men gråstein var det betre tilgang på.

Politiet sa nei

Han hadde sett i gang med å reise branngravlar i mur. No spekulerte han på om det ikkje ville bli rimelegare og like bra å forskale berre på eine sida og mure med gråstein på den andre. Slik ville han spare store mengder sement og kalk. Han la saka fram for politimeisteren og ville søkje om løyve til å bruke den nye metoden. Politimeisteren hadde inga tru på forslaget. Ville han byggje huset i god avstand til andre hus, var det greitt, sa politimeisteren. Men å reise eit slikt hus midt i byen, det ville han aldri gå med på. -Eg sende søknader i aust og vest. Langt om lenge fekk eg ein byggkyndig, hr. Nissen, interessert i planen, fortalde Peter Strøm til Sunnmørsposten då han vart intervjuva i høve 90-årsdagen i 1948. Saman med Nissen tok han endå ein gong kontakt med byggenemnda. Til slutt fekk han løyve til å byggje murane i gråstein. Men også byggenemnda var skeptisk. Han måtte skrive under på at han skulle rive huset dersom resultatet ikkje vart akseptabelt.



Kjetil Tandstad, fødd 1950. Pensjonist og tidlegare journalist i *Dag og Tid* og *Sunnmørsposten*, seinare dagleg leiar av *Møbelmuseet til Viti i Sykkylven*. Redaktør av *Årbok for Sykkylven*.

Borgundvegen 8, som var det første som vart sett opp i ålesundsmur og vart heimen til murmeisteren og entreprenøren Peter H. Strøm frå Straumgjerde. (Foto: Kjetil Tandstad)



Monogram i snodde bokstavar er på plass i smijarns-rekkverket på altanen i Borgundvegen 8. (Foto: Kjetil Tandstad)

Gråsteinmuren viste seg å fungere godt. Metoden vart ein suksess og vart raskt døydte ålesundsmur. Teknikken gav murar som var like sterke men ein heil del rimelegare enn tidlegare metodar. Ålesundsmuren vart eit eksempel på kombinasjonen av teknisk og økonomisk kreativitet som nøysame sunnmøringar alltid har halde høgt.

Det aller første huset i ålesundsmur vart reist i 1906. Det står der den dag i Borgundvegen 8. Namnet til huseigaren står framleis med vakkert snodde bokstavar på smijarn-

srekkverket på altanen. Det er eit vakkert og velforma hus med tårn og ark. Peter Strøm fortalde til avisa at han møtte den skeptiske politimeisteren på gata like etter at huset stod ferdig og spurde kva han meinte om resultatet. Politimeisteren måtte be om orsaking: Nei, men Strøm, eg kunne aldri vite at det skulle bli så bra!

Frå Eilevgarden

Peter H. Strøm vart fødd i 1858 og voks opp i Eilevgarden i Straumgjerde hos foreldra Karl Hansen Strømmegjerde (1822 – 1869) og Johanne Marie Eriksdotter, fødd Heggebakk (1824 – 1878) og seks søsken. Han byrja tidleg å arbeide som dreng på gardar rundt om i Sykkylven. Det var eit dårleg utkomme og som mange av jamaldringane tok han til å drøyme om Amerika.

Han forstod raskt at Strømmegjerde var eit lite eigna etternamn i Amerika. Han kalla seg Peter Hansen og ga opp fiskar som yrke då han reiste til USA i 1893. Men tidene var ikkje dei beste, heller ikkje i Amerika. Etter sju år kom han heim i 1900. Då var han 42 år. Han slo seg ned i Ålesund, der han arbeidde som steinarbeidar. Etter kvart skifte han etternamn igjen til det snertnare Strøm og vart gift med Marta frå Veibust.

Det skulle ikkje gå lenge før han kunne presentere seg som byggmeister og entreprenør. Ålesundsbrannen i 1904 raserte heile bykjernen. Det vart bestemt at alle måtte byggje i mur for ettertida. Brått var det stor etterspørsel etter murarar. Heile 350 murhus i sentrum vart bygde opp att i løpet av fire år. Peter H. Strøm bygde branngavlar til mange av ungdomstilhusa som skulle kome til å prege Ålesund. Han stod også for reisinga av tre sjøbuer for Oscar Larsen, også i ålesundsmur og sette dessutan opp den store Hoff-bua, med ei samla grunnflate på 1000 kvadratmeter.

Den vellykka entreprenøren i Ålesund gløymde ikkje heimgrenda. I 1928 bygde han hus på tomta Kveldsro og brukte det som sommarbustad. Då han med alderen vart mindre huga til å reise, selde han eigedommen til søstersonen Hans Pettersen Strøm frå Jøgarden på Fet. Han var kjøpmann i Trondheim. Eigedommen midt i sentrum av Straumgjerde vart seinare overteken av Ragnhild og Sigurd Fet, som seinare flytte til Langevåg. Då vart eigedommen overteken av Leiv Drotninghaug og familien.

Kombi-metode

Ålesundsmuren var kanskje ikkje noko revolusjonerande nytt, men denne måten å mure

på var ikkje god latin blant fagfolk. Ålesundsmur er egentleg ein mellomting mellom mørtelmur og kulturmur, der ein brukar småfallen, flat naturstein (brotstein) mura opp med mørtel med forskaling på den eine sida, vanlegvis på yttersida. Innsida blir mura opp med stein i nokolunde i plan, flukt og lodd. I seinare år blir nemninga ålesundsmur også brukt om mur med ei ytre forblending av fuga naturstein med bakmur av betong. Eitt eksempel er Ankerbrua i Oslo, vakkert forblendt med Drammensgranitt. Metoden vart ein suksess. Då ålesundsmuren først vart lansert, vart ei mengde hus i Ålesund, blant dei svært mange ungdomstilhus, sette opp med denne teknikken. Metoden spreidde seg til også i distriktet elles og til resten av landet. Skepsisen til gråsteinsbygg i byhus fordampa raskt etter kvart som byggherrane oppdaga kor mykje kalk og dyr sement det var å spare på metoden. Og murane skulle vise seg å halde like godt som dei som var sette opp på tradisjonelt vis.



Sentralt i Straumgjerde bygde han huset Kveldsro som Peter H. Strøm brukte som sommarbustad nokre år. (Foto: Kjetil Tandstad)

Studentane Eivind Olsen og Line Monsen frå Norges Teknisk-naturvitenskaplege Universitet i Trondheim gjorde for nokre år sidan ei tilstandsvurdering av eit utval ungdomshus i Ålesund. Bakgrunnen for oppgåva var ei aukande bekymring for at ungdomstilhusa skulle forvitre. Uroa galt spesielt der det hadde vore brukt moderne målingstypar frå 70-talet og framover. Mange av dei registrerte skadane på bygg skuldast at vatn hadde trengt inn i muren eller at det samla seg fukt bak målingsfilmen som ikkje fekk fordampe. I begge tilfelle kunne ein få frostsprenging.

Toler tidas tann

Studentane konkluderte med at ålesundsmuren toler tidas tann svært godt også på værharde Sunnmøre: Men tette målingstypar er skadeleg, men er det brukt organisk måling på murane, står bygningane seg svært hundre år etter, skriv dei i rapporten sin.

Men sjølv om ålesundsmurane framleis står støtt og Peter Strøm hadde suksess som byggmeister, måtte han tole tunge stunder gjennom sitt lange liv. Han miste kona si i 1940. Dei tre sønene døyde alle før han. Sjølv budde han i Borgundvegen 8 i alle fall til han var over 90. Han døyde fire år seinare, i 1952.

-Hoffbua var det siste eg bygde. Då døyde den siste av sønene mine og det tok frå meg noko av arbeidsmotet, fortalde 90-åringen til Sunnmørsposten i 1948.

Kjelder:

Sunnmørsposten, 28. februar 1948.

Store norske leksikon.

Gardssoga for Sykkylven band 3.

Rapport: Tilstandsvurdering ungdomstilhus i Ålesund (Jugendstilsenteret)



Thor Willy Strømme, fødd 1979, er møbelarbeidar, og historisk interessert. Han er medlem i Sykkylven sogenemnd og i redaksjonen i Årbok for Sykkylven. I serien Fotopar stiller han saman gamle og nyare bilete tekne frå same stad som viser utviklinga i kommunen over tid.

Fotopar

Av Thor Willy Strømme

Ting skjer, også på berre 13 år: Sommaren 2010 tok eg det fyrste bilete her. Det andre vart teke no i sommar frå Aurenakken.

På biletet frå 2010 ser vi Solnørdalhuset slik det var før moderniseringa i 2013. Dette biletet er også teke før Solnørdalfabrikken vart ombygd til ni senior-leilegheiter, Aure panorama, i 2020.

Gamledelen av Welle-bygget vart rive i 2020, og erstatta av eit nytt bygg med utleigelokale i fyrste etasje og seks husvære i etasjane over i 2020 - 21. Vidare ser vi godsterminalen og den såkalla indrefiletten i Aure sentrum før rivinga og utbygginga kom i gang.

Godsterminalen vart riven ned våren 2018 og Aure sjøside vart bygd i åra 2022-23. Dette bygget inneheld i dag Vitus Apotek+ og Eurospar Sykkylven. Eurospar flytta frå Vinjebuda der det har vore butikk sidan Vinjebuda sto ferdig i 1920.

Bukta i Haugneset har også fått seg ei oppgradering med gråsteinsmurar og benkar i 2013, etter uvêret Dagmar herja 1. juledag 2011. Dette området blir i dag mykje brukt og er eit flott turområde, med asfaltert gangveg og lys. Dei siste somrane har nokre geiter også vore i området og halde naturen i sjakk og turgåarar med selskap. Kommunehuset frå 1954 har i perioden blitt påspandert eitt nytt strøk måling i ein lysegrå tone.

Bileta på neste side:

Øvst: Aure sentrum 2010. (Foto: Thor Willy Strømme)

Nedst: Aure sentrum 2023. (Foto: Thor Willy Strømme)





Bent Tandstad, (f. 1955) er frå Jakupgarden på Tandstad. Han er i dag pensjonist, men jobbar for Nynorsk Pressekontor etter mange år i NRK i Oslo. Han er busett i Horten i Vestfold.

Spor frå meieriet på Riksheim i gammalt tømmerhus i Norddal

Av Bent Tandstad

Kva skjedde eigentleg med materiala frå meieriet på Riksheim etter at det vart rive tidleg på 1900-talet? Rykte ville ha det til at dei vart brukt til å reise ei hytte på Strandafjellet, som seinare vart kalla spøkelseshytta. No tyder alt på at materiala faktisk enda opp i Dalsbygda i Norddal.

I Årbok for Sykkylven for 2016 skreiv eg den dramatiske historia om ei 25 år gammal meierske på Riksheim som vart funnen død, etter å ha fått i seg arsenikk. Dette skjedde i 1899. Ein ung mann vart tiltalt for drap, men vart frifunnen.

Då denne mannen låg for døden ein gong på 1960-talet, fekk han eit stort behov for å lette hjartet sitt. Han fortalde til ein slektning av den avlidne kvinna at det var han som hadde gitt henne arsenikk, ikkje for å drepe, fortalde han, men for å provosere fram ein abort.

Det var han som hadde gjort meierska gravid, vedgjekk han.

Mange rykte

I denne saka gjekk det mange rykte og historier. Ei av dei fortalde at materiala vart brukte til å reise ei hytte på Strandafjellet, som seinare fekk tilnamnet spøkelseshytta. Det vart



Det gamle huset i Dalsbygda i Norddal, der det er funne tømmer frå meieriet på Riksheim, er fint restaurert og blir brukt som feriehus.

fortalt historier om folk som hadde hatt nifse opplevingar på hytta, og dette vart sett i samanheng med tragedien på meieriet.

Då eg sjekka med eigaren av hytta, så fortalde ho ei heilt anna historie. Ho sa at det aldri hadde skjedd noko overnaturlig der, og at ho ikkje forstod korleis hytta, som ho er veldig glad i, kunne få eit slikt rykte.

Ho kunne også fortelje at materialane til hytta kom frå eit rive bustadhus på Sløgstad i Stranda, og at det ikkje var noko som tyda på at det var brukt material frå meieriet i det heile teke.

Etter at artikkelen «Fundet død i sin seng – taget gift» først vart publisert på NRK.no i mars 2016, vart eg kontakta av personar som kunne fortelje at dei under restaurering av eit gammalt hus i Norddal hadde funne svimerke med teksten «Riksem meieri» på tømmeret i eitt av romma.

– Dette er barndomsheimen min. I barndomen vart det snakka om at tømmeret kanskje hadde kome frå eit meieri «utatte», retning byen ein plass, men vi visste ikkje kvar. Det vart snakka om Vaksvika. Men då eg las artikkelen forstod eg at det var snakk om Riksheim meieri, seier Gro Relling Grønningsæter.

Restaureringsarbeid

Ho fortel at ho og systera Linda Digernes saman med familie sine har restaurert det gamle huset, som truleg vart sett opp rundt 1915. Dei to systrene er begge busette i Volda, og dei nyttar huset til feriebusstad.

– Det var lagt papp over tømmeret innvendig. Då vi heldt på med restaureringa av det som var rommet mitt i oppveksten, så fjerna vi pappen. Mykje spennande dukka opp. Det var gammal tapet, utklipp frå aviser, og mose mellom stukkane til isolasjon. Då såg vi at det var svidd inn bokstavar i tømmeret, og det var ingen tvil om at det stod «Riksem meieri», fortel ho.


Gro Relling Grønningsæter opplyser at det er eit tømmerhus med to etasjar, med kjellar og mørkeloft, ikkje så veldig stort. Dei har fått fram tømmeret i alle romma, seier ho, men motten har teke godt føre seg av det. Ho håper likevel at det skal stå i mange år til.

Ho opplyser at foreldra hennar bygde på huset, slik at det er større slik det står fram i dag.

– No veit vi litt meir om historia til huset. Eg må seie at når eg legg meg i det gamle rommet mitt der inne, så har eg tenkt på lagnaden til den gravide meierska på Riksheim. No har vi litt historie om huset i alle fall, seier ho.

Familiane som no nyttar huset som feriebusstad veit ikkje heilt når huset vart sett opp, men dei feira hundreårsjubileum i 2018.

– Soltun er eit koseleg hus med sjel, som fleire generasjonar no er glade i som feriehus. Vi var fire systre som vaks opp der. Linda og eg tok over huset då foreldra våre gjekk bort, legg ho til.



Inskripsjonen «Riksem meieri» er svidd inn i tømmeret.



Det var mykje spennande som kom fram då dei fjerna pappen over tømmeret.



Det er systrene Gro Relling Grønningsæter og Linda Grønningsæter Digernes som saman med familiane sine eig Soltun i Dalsbygda i Norddal i dag.



Skomakar og landpostbod

Det var Gustav Verpesdal frå fjellgarden Verpesdalen som sette opp huset. Han var skomakar og landpostbod. Han var gift med Ludvika Rørdal frå Jakobgarden på Rørdal i Tafjord. Jakobgarden er seinare teken over av det som tidlegare heitte Ålesund og Sunnmøre Turistforeining, som no har skifta namn til DNT Sunnmøre.

Gustav og Ludvika døydde relativt unge under krigen, og dei har ingen etter seg. Seinare vart huset overteke av Ola Relling, då han gifte seg. Han var bestefaren til dei noverande eigarane.

På spørsmål om dei har opplevd noko spøkeri i huset, svara Gro Relling Grønningsæter dette:

– Vi har no gamle Ludvika som styrer med litt ymse oppe på loftet. Så no får vi kanskje besøk av ei til?



Dette er restane av det som ein gong var meieriet på Riksheim.

Song til Tusvikbygda

Tusvikbygda fekk sitt ungdomslag i 1919. Sju år etterpå vart det bestemt at dei skulle byggje samlingshus saman med krinsen. I lagsbladet ERLA nr 4, 16. årgang, laurdag 4. februar 1935, fekk ungdomslagsmedlemmene også teksten til Tusvikbygda sin eigen song. Forfattar til Heimbygda er truleg den same som også var redaktør for lagsbladet, John Tusvik.



*Tuvatnet er ein kjær idyll i Tusvik, her fotografert ein dryppande våt oktober-formiddag med glimt av sol.
Foto: Kjetil Tandstad.*

HEIMBYGDA

Langs ei strand under skogkledder lider,
ligg vår fagre og blømande grend,
som er rudd i urgamle tider,
av dei heimkjære kvinner og menn.

Her so vonfullt dei sådde sitt sæde,
her dei hegna og freda si jord.
Deg vår Tusvik, vi vigjer vårt kvede,
her er heimen vår - far og mor.

Deg vi elsker ved høgsumartider,
og i haustsol når lauuet fell,
og når snø ligg i legder og lier,
- månegull over fjord over fjell.

Men når vårmorgon ljøsar mot dagen,
fuglar kvitrar sin solsong mot sky,
medan blomen står doggvåt i hagen,
ligg du solgylt og strålande ny.

Her - ja her budde federne våre,
Her sin hugnad si lukka dei fann.
Tider skifte med smil og med tåre,
men dei trudde og stridde og vann.

Kanskje grunnen dei rudd var mager,
og dei levde i slitsame kår,
men om heimen var trong, var han fager,
helst når dagane lengdest mot vår.

Deg, vår Tusvik, vi unge vil æra,
altid trugne i hjarta og hug.
Deg å dyrka vår hugnad skal vera,
du skal eiga vår kraft og vår dug.

Og når myrker og vondt vil deg herja,
vil vi strida med eldhug og makt.
Vi vår heimbygd i truskap vil verja,
Og det gjeld vera vakne på vakt.



*Samlingshuset til Tusvikbygda ungdomslag.
Foto: Kjetil Tandstad*

Prøv deg som bilet-detektiv!



Det var ikkje mange hus å sjå då dette biletet innover Sykkylvsfjorden teke frå Klokkehaugen vart festa til glasplata. Biletet er udatert og dateringa blir svært omtrentleg «rundt hundreårsskiftet».

Men nokre hus er å sjå. Det kan kanskje vere utgangspunkt for ei meir nøyaktig datering. Vi utfordrar lesarar med interesse og stor lokalkunnskap å krysspeile mellom bygningar og anlegg som finst og ikkje finst i motivet. Kanskje kan vi klare å tidfeste biletet meir nøyaktig.

Dei opplysningane som følgjer biletet er:

«Mod Strømseim og Sjøkkelvsfjord, seet frå Klokkehaug. Udatert. Foto: John Bernhard Rekstad (1852 – 1934). Stempla «Universitetets geografiske undervisningsmateriel». Henta frå Nationalmuseets bildesamling Møre og Romsdal/Wikipedia Commons.

Det vi veit om fotografen er at John Bernhard Rekstad var fødd i Troms, tok lærareksamen og var lærar på dei høgare skulane på Røros, i Namsos og Lillehammer og ved Bergen katedralskule. Frå 1900 vart han tilsett som den første geologen ved Norges geologiske undersøkelse. Han var spesielt oppteken av brestudiar og avleiringar frå istida og har skrive ei rekkje klassiske geologiske avhandlingar.

Han var også ein ivrig amatørfotograf og han hadde alltid kameraet med seg når han reiste rundt om i landet. Motiva var først og fremst for å dokumentere geologiske formasjonar fjell, brear og steinprøver, men han valde også motiv med menneske og vakker natur. Han let etter seg ei negativsamling med 2962 glasplater og planfilmar som no finst i Biletsamlinga ved Universitetet i Bergen.

Desse har vore med å støtte utgjevinga av

Årbok for Sykkylven 2023

**Sparebanken Møre
Coop Extra Sykkylven**

SandellaFabrikken AS

Møre Miljøsanering

Sykkylven Gjensidige Branntrygdslag

Sykkylven Stål AS

Amatec AS

LK Hjelle

SapDesign

Nyborg AS

Ekornes

Formfin Møbler AS

Sykkylven Energi

Handelsservice AS

Fishtech Hygena AS

B.S. Aure AS

Spar Sykkylven

Møre Trafo AS

Årstidene – fire haikudikt

Av Geir Tandstad

Parvis bortover
smalnar til ein strek og kverv
Musespor i snø

Der langs sørveggen
fargar attmed snøklokker
Krokusen blømer

Solvarm blomstereng
ein gnikselyd bryt stilla
Grashoppa spelar

Rasling i lettvind
raudt og gult ospelauv skjelv
Stilnar i fallet



Foto: Geir Tandstad

Haiku – japansk, klassisk diktsjanger med strenge krav til både form og innhald. I vestleg språkdrakt tre korte linjer, med høvesvis 5 – 7 – 5 stavingar, utan enderim. Ei sanseleg og avgrensa oppleving, knytt til naturen, skal skildrast i notid.

ISBN 978-82-92269-32-9

Pris kr. 150

VIPPS Sykkylven Sogenemnd
582638

